

Møteinnkalling

Utvalg:	Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen
Møtested:	Telefonmøte
Dato:	09.03.2015
Tidspunkt:	08:30

Eventuelt forfall må meldes snarest på tlf. 947 89 126 / 948 80 564.
Vararepresentanter møter etter nærare beskjed.

Sak om uttale til nye vedtekter for nasjonalparkstyra vart førebels drøfta i telefonmøte 19.02.15, da vedtektsforslaget også vart sendt ut. Saka må sjåast i samanheng med sak om forenkling i utmarksforvaltninga (sak 16/2015), og ho er også tema på nasjonalparkkonferansen 14.-15. april.

Endeleg saksframlegg sak 15/2015 blir ettersendt.

For å kople til telefonmøtet gjer de følgjande:

- 1. Ring 800 88 860**
- 2. Etter informasjon tastar de koden: 605747 og avslutte med #**

Med helsing

Kari Sveen

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-Saksnr
ST 11/2015	Godkjenning av protokoll/innkalling		2003/4333
ST 12/2015	Referatsaker		2003/4333
RS	Tilbakemelding - Revidering av verneforskrift - Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Avvikling av tilsynsutvalgene		2015/151
ST 13/2015	Delegerte vedtak		2003/4333
2/2015	Delegert vedtak - Dispensasjon - Utladalen landskapsvernområde - Helikoptertransport av material og utstyr til reperasjon av bru over Skogadøla - DNT Oslo og Omegn		2015/1491
ST 14/2015	Sak - Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Tildeling bestillingsdialog og drift 2015		2014/7494
ST 15/2015	Jotunheimen nasjonalpark - Besøksforvaltning - Pilot innfallsport Sognefjellshytta - Valg av firma til forprosjekt og detaljprosjekt	X	2015/213
ST 16/2015	Komunal- og Moderniseringsdepartementet - Uttale til faggrupperapport "Forenkling av utmarksforvaltningen"		2015/1488
ST 17/2015	Revidering av vedtekter for nasjonalpark- / verneområdestyrene og stillingsinstruks for forvaltar - uttale frå Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen		2014/8677
ST 18/2015	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Galdhøpiggen 2015 - 2017		2015/1399
ST 19/2015	Sak - Jotunheimen nasjonalpark - Omlegging av sti ved Fannaråkbreen		2014/6583
ST 20/2015	Sak - Jotunheimen nasjonalpark - Omlegging av kvista Løye mellom Fondsbu og Olavsbu		2015/1450
ST 21/2015	Eventuelt		2003/4333
ST 22/2015	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2015 - Bruk av snøskuter/beltebil for å transportere gjester til Memurubu - Memurubu Turisthytte AS		2015/1653

ST 12/2015 Referatsaker

Tilbakemelding - Revidering av verneforskrift - Nasjonalparkstyret for

Jotunheimen og Utladalen - Avvikling av tilsynsutvalgene 2015/151

ST 13/2015 Delegerte vedtak

2/2015 Delegert vedtak - Dispensasjon - Utladalen landskapsvernområde -

Helikoptertransport av material og utstyr til reperatur av bru over Skogadøla -

DNT Oslo og Omegn 2015/1491

Arkivsaksnr: 2014/7494-6

Saksbehandlar: Magnus Snøtun

Dato: 03.03.2015

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	14/2015	09.03.2015

Sak - Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Tildeling bestillingsdialog og drift 2015

Forvaltar si innstilling

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen registrerer at tildelte ressursar for 2015 er følgjande:

- Drift av nasjonalparkstyret: Kr 290 000,- (*omsøkt: 290 000,-*)
- Forvaltningsplaner: Kr 50 000,- (*omsøkt: 50 000,-*)
- Besøksforvaltning: prosjektering, samt ekstra driftsmidler til piloter kr 600 000,- (*omsøkt: 500 000,- inkl. mva. + drift pilot*)
- Tiltaksmidler: Kr 370 000,- herav kr 370 000,- fordelt via lokalt SNO (*omsøkt: 1238 000,-*)

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen er med som pilot i Merkevarer-prosjektet og er innforstått med at pilotsatsinga med utvikling av ein ny innfallsport ved Sognefjellshytta har stor prioritet i 2015.

Direktoratet har vurdert at berre skjøtsel er naudsynt for «minimumsdrift» av Jotunheimen og Utladalen. Det er veldig uheldig at årlege tiltak som naturvegleiing, turplanleggingsverktøy (Turapp) og Barnas naturoppsyn ikkje får tildelt midlar for 2015. Det må jobbast med å finne alternativ finansiering og/eller gjennomføring av eit minimum.

Framlegg til fordeling av tiltaksmidler øyremarka til skjøtsel:

	Omsøkt	Fordelt
Slått Heimre Utladalen	220 000,-	215 000,-
Styrt beite Heimre Utladalen	44 000,-	42 500,-
Styving/rising av alm og lind, Utladalen	44 000,-	42 500,-
Styrt beite Gjendebu (storfe)	26 000,-	25 000,-
Vegetasjonsrydding Gjendebuområdet	9 000,-	5 000,-
Styret beite Gjendebu (geit)	16 000,-	10 000,-

Krattrydding Guridalen	31 000,-	30 000,-
Storfebeiting Memurudalen	9 000,-	0,-
<i>Sum</i>	<i>399 000,-</i>	<i>370 000,-</i>

Saksopplysninger

Brev datert 23.02.2015 frå Miljødirektoratet om tildeling av tiltaksmidler og drift av nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen 2015 har desse føringane:

«Det vises til innmeldte behov for midler til drift av verneområdestyrer, forvaltningsplanlegging og tiltaksmidler i verneområder for 2015. Følgende midler kan disponeres til disse formålene innenfor deres ansvarsområder:

- Drift av nasjonalparkstyret: Kr 290 000,- (*omsøkt: 290 000,-*)
- Forvaltningsplaner: Kr 50 000,- (*omsøkt: 50 000,-*)
- Besøksforvaltning: prosjektering, samt ekstra driftsmidler til piloter kr 600 000,- (*omsøkt: 500 000,- inkl. mva. + drift pilot*)
- Tiltaksmidler: Kr 370 000,- herav kr 370 000,- fordelt via lokalt SNO (*omsøkt: 1238 000,-*)

I tråd med strategi for tiltaksmidler er det prioritert midler til utvalgte piloter for utvikling av besøksstrategier og besøksforvaltningstiltak i tråd med merkevareprosjektet. Dette gjelder nasjonalparkene Varangerhalvøya, Jotunheimen, Hallingskarvet og Rondane. Alle pilotene er tildelt midler til dette. Det forventes at tiltak kan gjennomføres i Jotunheimen og Rondane i år. Inntil en ser om tiltakene kan realiseres er midlene holdt tilbake i Miljødirektoratet og vil eventuelt bli tildelt senere.

Tiltaksmidler

--

For Jotunheimen er tiltaksmidlene forbeholdt tiltak nr. 8 t.o.m. 15.»

Vurdering

Tildeling til drift av nasjonalparkstyret er i tråd med oppsett budsjett frå sekretariatet. Her har me lagt inn eit tal møter basert på erfaring og årshjulet til styret. Det er viktig at aktiviteten i styret vert helde opp og at me har moglegheiter til å kombinere arbeidet med både telefonmøter og fysiske møter. Som pilot i merkevareprosjektet og med nye verneforskrifter med revisjon av forvaltningsplanen, vil det vere behov for fleire møter både for å gjere formelle avklaringar og for å involvere styret i prosessar.

I november kom ny verneforskrift for Jotunheimen og Utladalen. Arbeidet med revisjon av verneforskriftene vart starta opp parallelt med revisjon av forvaltningsplanen i 2004. Høyringsprosessen vart avslutta i slutten av 2007 og fleire forhold har endra seg. Struktur og oppbygging av forvaltningsplanen må endrast mykje sjølv om det meste av innhaldet skulle bli det same. Naturmangfaldslova, besøksstrategi, bevaringsmål og andre endringar må også omhandlast i ny forvaltningsplan. For å sikre prosessen og involvering, vil det vere behov for ny oppstartsmelding, møter og høyring av

forvaltningsplanen. Dette arbeidet vil starte opp nå i 2015, men truleg gå ut over 2015. Ein reknar dei tildelte ressursane på 50.000 som tilstrekkeleg for arbeidet som skal skje i 2015.

Omfanget av tiltaksmidlar i verneområda i Noreg auka i fleire år. Jotunheimen og Utladalen har hatt eit stort aktivitetsnivå i mange år og fått mykje tiltaksmidlar. Større fokus på aktiv forvaltning og besøksforvaltning har også skapt auka forventningar til ressursar. Nå er rammene for tiltaksmidlar minka samtidig som innmeldt behov har auka og dermed har konkurransen om midlane blitt hardare. Samtidig har det ikkje kome friske midlar til departementet/direktoratet si satsing på Merkevarerprosjektet og besøksforvaltning.

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen er med som pilot i Merkevarerprosjektet og får derfor midlar til prosessane i dette prosjektet. I 2015 er det sett av ein stor pott til utvikling av ein ny innfallspori ved Sognefjellshytta. Med større avvik mellom innmeldt behov og tilgjengelege ressursar i bestillingsdialogen, har tiltaksmidlane til Jotunheimen og Utladalen blitt redusert til eit minimum.

Direktoratet har vurdert at 370 000,- øyremarka til 7 skjøtelsprosjekt er eit minimum for Jotunheimen og Utladalen. Omsøkt ramme for desse prosjekta er 399 000,- .-. Heile tiltaksposten utanom pilotsatsinga er i år reservert skjøtsel, og styret har ikkje høve til omprioritering til andre formål – jf. tildelingsbrevet,

8	Slått heimre Utladalen	Slått	Engslått	Utladalen landskapsvernområde (VV00000706)	Lokalt SNO	220 000
9	Styrt beite heimre Utladalen	Beiting og lyngbrenning	Beiting- og/eller gjerding for bufe	Utladalen landskapsvernområde (VV00000706)	Lokalt SNO	44 000
10	Styving/rising av alm og lind, Utladalen	Skjøtsel av (tre)vegetasjon	Styving av enkelttrær	Utladalen landskapsvernområde (VV00000706)	Lokalt SNO	44 000
11	Styrt beite ved Gjendebu (storfe)	Beiting og lyngbrenning	Beiting- og/eller gjerding for bufe	Jotunheimen nasjonalpark (VV00001869)	Lokalt SNO	26 000
12	Vegetasjonsrydding Gjendebuområdet	Skjøtsel av (tre)vegetasjon	Rydding av trær/busker/kratt	Jotunheimen nasjonalpark (VV00001869)	Lokalt SNO	9 000
13	Styrt beite ved Gjendebu (geit)	Beiting og lyngbrenning	Beiting- og/eller gjerding for bufe	Jotunheimen nasjonalpark (VV00001869)	Lokalt SNO	16 000
14	Krattrydding Guridalen	Skjøtsel av (tre)vegetasjon	Rydding av trær/busker/kratt	Utladalen landskapsvernområde (VV00000706)	Lokalt SNO	31 000
15	Storfebeiting Memurudalen	Beiting og lyngbrenning	Beiting- og/eller gjerding for bufe	Jotunheimen nasjonalpark (VV00001869)	Lokalt SNO	9 000

Eit år med minimum av tiltaksmidlar gjev ikkje rom for oppstart av nye prosjekt. Storfebeiting i Memurudalen er eit positivt tiltak for å stimulere beiting med storfe i verneområdet, men dette bør utsettast.

Skjøtsel er konsentrert om nokre delar av verneområdet; Heimre Utladalen, Fremre Utladalen og Gjendebuområdet. Skjøtsel skal vere knytt til verneverdiane og sikre naturverdiane i verneområda. Skjøtsel er også avhengig av årleg tiltak for å ha effekt. Dei viktigaste områda må derfor prioriterast, men også effektiviteten av arbeidet. Samarbeid med andre aktørar som grunneigarar, turistvertar og stiftingar gjer effektiv bruk av skjøtelsmidlar i tillegg til synergieffektane som dialog, lokal forankring og formidling. Sekretariatet meiner at skjøtsel skal prioriterast der naturverdiane er størst og der ein har samarbeid med andre aktørar slik at skjøtselen både har ei forankring og meir robust mot endringar av årlege budsjett. Per i dag har skjøtsel knytt til Vetti Gard og Turiststasjon minst lokal forankring. Skjøtselen starta opp i nært samarbeid med

grunneigar for meir enn 20 år sidan, men per i dag er grunneigar ikkje involvert i skjøtselen og det er ikkje verksemd knytt til garden. Særleg nå når ressursane vert redusert, må forvaltninga vurdere om denne skjøtselen i større grad skal konsentrere seg om dei aller viktigaste naturverdiane.

Framlegg til fordeling av tiltaksmidler:

	Omsøkt	Fordelt
Slått Heimre Utladalen	220 000,-	215 000,-
Styrt beite Heimre Utladalen	44 000,-	42 500,-
Styving/rising av alm og lind, Utladalen	44 000,-	42 500,-
Styrt beite Gjendebu (storfe)	26 000,-	25 000,-
Vegetasjonsrydding Gjendebuområdet	9 000,-	5 000,-
Styret beite Gjendebu (geit)	16 000,-	10 000,-
Krattrydding Guridalen	31 000,-	30 000,-
Storfebeiting Memurudalen	9 000,-	0,-
<i>Sum</i>	<i>399 000,-</i>	<i>370 000,-</i>

Direktoratet har vurdert at berre skjøtsel er naudsynt for «minimumsdrift» av Jotunheimen og Utladalen. Infrastrukturtiltak som informasjonsskilt og stiutbetring kan utsettast ein kortare periode, men er naudsynt for «drift» av eit så viktig besøksområde som Jotunheimen og Utladalen. Det er veldig uheldig at andre årlege tiltak som naturveggleiing, turplanleggingsverktøy (Turapp) og Barnas naturoppsyn ikkje får tildelt midlar for 2015. Det må jobbast med å finne alternativ finansiering og/eller gjennomføring av eit minimum ved hjelp av eige arbeidsinnsats. Innan potten drift av styret skal ein også dekkje «*deltakelse på/eller arrangering av arrangementer, f. eks. i fbm «Friluftslivets år 2015» og stands på messer*» og her har ein eit lite handlingsrom knytt til t.d. Barnas Naturoppsyn som også kan definerast inn under tiltak knytt til Friluftslivets år. Sidan fleire tiltak som vart omsøkt gjennom bestillingsdialogen ikkje har fått finansiering, vert det truleg noko mindre aktivitet og ein vil forsøke å dekke inn drift av Turapp innan dei gjevne rammene for sekretariat og styre.

Arkivsaksnr: 2015/1488-2

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 27.02.2015

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	16/2015	09.03.2015

Kommunal- og Moderniseringsdepartementet - Uttale til faggrupperapport "Forenkling av utmarksforvaltningen"

Forvaltar si innstilling

Forslag til uttale:

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen ser behov for ein gjennomgang av utmarksforvaltninga, og det er positivt at Kommunal- og Moderniseringsdepartementet har starta arbeidet med forenkling. Men større endringar innan utmarksforvaltninga krev omfattande gjennomgang av lovverket og grundigare utgreiing av konsekvensar før ein kan gje endeleg uttale til alle element i forslaget frå arbeidsgruppa. Arbeidet er prega av hastverk og relativt liten grad av involvering. Konsekvensane av tiltaka er i liten grad vurdert, og rapporten er slik sett berre eigna for å kartleggje kva område det vil vera fornuftig å arbeide vidare med skisserte endringsforslag. Det at faggruppa ikkje har teke inn motorferdsel i sin rapport gjer at ein ikkje får sett på eit område der det kunne vore rom for vesentlege forenklingar.

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen har konsentrert seg om dei områda som rører direkte ved styret sitt ansvarsområde og arbeid. Fleire av endringane som er foreslått i forvaltninga elles vil også ha indirekte innverknad, men ein finne det ikkje rett å gå inn på alle detaljar i rapporten. Høyringsuttalen er avgrensa til forhold som angår nasjonalparkstyret, og da i første rekkje kapitla 3.2 - *Forvaltning av store verneområder* og kap. 6 - *Forslag til tiltak*.

Styret vil leggje til at den pågåande revisjonen av styrevedtektene – jf. høyring i regi av Klima og miljødepartementet – må sjåast i samanheng med den framlagde rapporten om forenklingar i utmarksforvaltninga. Detaljstyringa, som verneområdestyrevedtektene legg opp til, er eit lite eigna verkty for å nå målet om forenkling. Det må visast tillit til at nasjonalparkstyra sjølve kan utøve det nødvendige skjønnnet for å leggje opp arbeidet sitt på ein hensiktsmessig måte og vurdere kva saker som eignar seg for delegering, slik at ein får effektiv forvaltning og frigjort tid til å konsentrere seg om overordna styring og større saker for ivaretaking og utvikling av verneområda.

Forvaltningsreforma med innføring av verneområdestyre er ny. Reforma vart vedteken i 2010 og dei lokale styra har kome til etter kvart. Riksrevisjonens rapport frå 2014 slår fast at det er for tidleg å gjennomføre evaluering av reforma. Det vil derfor vera uheldig å leggje om systemet

i så stor grad som det blir foreslått i rapporten før reforma har fått verke nokre år, og ei skikkelig evaluering er på plass.

Forslaget om kommunen som førstelinjeteneste med ansvar for koordinering av tiltak har positive sider ved at ein ser for seg å byggje opp eit system der brukaren berre treng å vende seg til eitt organ. På den andre sida vil den ikkje vera i samsvar med ideen bak forvaltningsreforma for dei store verneområda. Mål med reforma var å skape ei meir demokratisk forvaltning av dei store verneområda, gjennom lokal forvaltning med lokale sekretariat. Dei lokale styra som består av representantar kommunar, fylkeskommunar og Sametinget (der dette er relevant) skal sikre ei lokal, demokratisk forankring. Reforma med lokalt tilsette forvaltarar og auka ressursar har gjeve rom for meir aktiv verneområdeforvaltning, i tråd med føringar frå styret. Forvaltar har blant sine arbeidsoppgåver ansvar for å sikre god kontakt med, og kunnskap om, lokalmiljøet. Dersom kontakten mot brukarane blir fjerna, forsvinn også ein viktig del av grunnlaget for den nyleg igangsette reforma. Nasjonalparkstyret meiner at reforma så langt har ført til betre kontakt både mot brukarar og grunneigarar, og sterkare forankring for berekraftig bruk. Dette arbeidet er også viktig for å auke forståinga for vernet lokalt og bidra til lokal identitetsskaping knytt til nasjonalparkane.

Gjennom å flytte førstelinjetenesta frå verneområdeforvaltar til kommunen risikerer ein også å skape eit forseinkande mellomledd ved at det er andre enn den som skal behandle/førebu saka som har kontakt med søkjar. Vi stiller også spørsmål ved om det er enklare for brukarane å finne rett kontaktpunkt når all kontakt skal gå via den aktuelle kommunen. Vår erfaring er at dei ikkje-lokale brukarane våre i langt større grad kjenner til Jotunheimen enn den aktuelle kommunen der dei planlegg tiltak, slik at for mange vil eit kommunalt koordineringsorgan snarare opplevast som eit ekstra byråkrati framfor ei reell forenkling. Dagens behandling i nasjonalparkstyret er rask, og saker som hastar får ekstra rask behandling i AU eller som telefonmøtebehandling. I særlege høve kan svar gjevast same dag. Den direkte kontakten opp mot søkjar medverkar også til å avklare om det er spesielle behov som gjer at ein søknad hastar særskild, og dette er ofte viktig for dei næringsdrivande i verneområde som ikkje har vegsamband, men er avhengige av løyve for bruk av snøscooter eller helikopter.

Nasjonalparkstyret støttar faggruppa sitt forslag om å leggje til rette for tydeligare rollefordeling mellom SNO og forvaltninga. Rolla til SNO som oppsyn, kontrollorgan og utførande aktør på skjøtsel og andre tiltak prioritert av forvaltningsstyremakta bør gjerast tydelegare. SNO bør ivareta «skal»-oppgåvene etter naturoppsynslova, medan «kan»-oppgåvene skal utførast etter prioriteringar i verneområdestyre og kommunar som har forvaltningsansvar for verneområde.

Om verneområdestyra:

- Der det er oppretta verneområdestyre med politisk representasjon, bør ein oppretthalde dagens ordning med samla forvaltning av områda i eit større vernekompleks for å nå målet om heilskapleg og ressurseffektiv forvaltning
- Partssamansette områdestyre der ikkje alle kommunar er representert kan gje eit mindre demokratisk system.
- Forslaget om at partsinteresser (grunneigarar, næringsinteresser og miljø- og friluftsjinteresser) skal representerast i styra (punkt 6.4 i rapporten), kan svekke den *demokratiske* forankringa til styra. Det må også stillast spørsmål om eit slik styre med så brei samansetnad som det er foreslått kan bidra til ei *effektiv* saksbehandling. Konsekvensar av å slå saman villreinnemnd og verneområdestyre til eit felles forvaltningsorgan er ikkje utgreidd, og kan ikkje støttast.
- Verneområdestyret bør få eit overordna ansvar for skjøtels-, informasjons- og tilretteleggingstiltak. Forvaltninga bør følgje linjeprinsippet og vera underlagt fagavdelinga i Miljødirektoratet, og forvaltningsressursar / tiltaksmidlar bør også søkjast om via fagavdelinga. Ordninga med bestillingsdialog via SNO bør vurderast på nytt, når det nå er etablert politisk oppnemnde styre som har forvaltningsansvaret for verneområda.

Proessen bør forenklast for å unngå unødig saksbehandling i styra, og styret finn det ikkje naturleg at tildelinga av midlar til dei politisk oppnemnde styra skjer via Statens Naturoppsyn, som skal vera eit kontroll- og utførande organ, og ikkje eit forvaltningsorgan. Ein bør unngå dobbeltrolla ved at SNO først har ei nøkkelrolle ved tildeling av midlar til forvaltninga, og deretter skal utføre oppdrag på vegne av forvaltninga.

- Utviding av verneområdestyra sitt mandat bør vurderast som eit ledd i forenklinga, innan område med saker som krev behandling etter fleire lovverk og i fleire forvaltningsorgan.
- Nasjonalpark-/ verneområdestyra bør få større rom for delegering frå nasjonalparkstyre til nasjonalparkforvaltar, i den grad dei ønskjer.

Saksopplysningar

Saksdokument

Kommunal- og moderniseringsdepartementet, høyringsbrev av 15. desember 2014 – «*Rapport med forslag til tiltak for forenkling av utmarksforvaltningen*». Rapporten frå faggruppa kan lastast ned her:

[https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kmd/rega/rapporter_2014/rapport_faggruppe_u
tmarksforvaltning_2korr.pdf](https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kmd/rega/rapporter_2014/rapport_faggruppe_utmarksforvaltning_2korr.pdf)

Rapporten er utarbeidd av ei faggruppe oppnemnd av Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD), i samarbeid med Klima- og miljødepartementet (KLD) og Landbruks- og matdepartementet (LMD). Faggruppa har bestått av Eva Falleth (leiar) og Nikolai K. Winge ved Norges miljø- og biovitenskapelige universitet og Jørgen Hoffmann, tidlegare Statskog.

Gruppa har gjennomført nokre innspel-/dialogmøte, og leiar Mai Bakken og forvaltar Kari Sveen har delteke på eit møte som vart halde på Dombås 9. oktober 2014.

Bestillinga til arbeidsgruppa var m.a.:

- *Brukerne skal oppleve en vesentlig forenkling i forvaltning og saksbehandling.*
- *Kommunene skal tildeles større ansvar og myndighet innen utmarksforvaltningen*

Arbeidsgruppa har avgrensa arbeidet ved at følgjande tema *ikkje* er vurdert: Strandsonen (100-metersbeltet langs kysten), Finnmark, Oslomarka, rovviltforvaltning, motorferdsel i utmark, energiutbygging, mineralutvinning og kulturminne. Det at motorferdsel ikkje er teke inn gjer at ein ikkje får sett på eit område der det kunne vore rom for vesentlege forenklingar.

Rapporten omtalar dagens utmarksforvaltning som komplisert, uoversiktleg og til dels utilgjengeleg for brukarane. Mange forstår ofte ikkje kva organ ein skal ta kontakt med. Samordninga mellom aktørane er for dårleg, og dette gjer at ein brukar kan oppleve å få motstridande vedtak i same sak. Saksbehandlingstida er for lang og rapporten hevdar at det blir brukt unødig mykje ressursar i forvaltninga. Faggruppa peikar på at statlege styresmakter må redusere detaljstyringa av kommunane. Samtidig føreset faggruppa at kommunane bør få auka kompetanse og kapasitet, slik at dei kan ivareta nye oppgåver på ein god måte. Faggruppa meiner at ei forenkling av utmarksforvaltning bør skje på følgjande område:

- *Kommunene bør overta forvaltning av verneområder som i sin helhet ligger i kommunene, samt flere fiske- og viltoppgaver. Det gis mulighet for delegasjon i verneområder. Rapporteringssystemer integreres i etablerte systemer.*
- *Det bør etableres strategiske utmarksstyrer med ansvar for store verneområder og villreinforvaltning i områder der det er villrein.*

- *Kommunene bør ha førstelinjeansvar for alle saker i utmarksforvaltningen, og det bør utarbeides en samlet IKT-løsning for brukerhenvendelser.*
- *Det bør utvikles en tydeligere rolle- og arbeidsdeling mellom Statens naturoppsyn og forvaltningsmyndighetene. Fjelltjenesten bør overføres til Statens naturoppsyn.*

Ein del tiltak har meir overordna karakter:

- *Nasjonal politikk bør samordnes og bli mer tydelig.*
- *Det bør utvikles mer kunnskap om naturressurser.*
- *Det bør igangsettes et lovarbeid for å revidere forvaltningen i statsallmenninger.*
- *Det bør nedsettes et lovutvalg for utmarka.*

Kommunal- og moderniseringsdepartementet ber i høyringsbrevet både om innspel på forslag faggruppa har kome med, og om det er andre tiltak som er viktige å få drøfta og gjennomført.

Vurdering

Berre forhold som direkte rører ved nasjonalparkstyra sitt ansvarsområde blir kommentert.

Er det behov for forenkling av utmarksforvaltninga?

Som arbeidsgruppa peikar på er utmarksforvaltninga i dag både sektorstyrt, ressurskrevjande og lite heilskapleg. Dette påverkar også nasjonalparkstyra sitt arbeid, og det kan vera utfordrande å formidle at enkelte tiltak krev behandling og godkjenning i fleire forvaltningsorgan før dei kan setjast i verk. Dette gjeld t.d. motorferdsel i utmark, og det at faggruppa ikkje har teke inn motorferdsel i sin rapport gjer at ein ikkje får sett på eit område der det kunne vore rom for vesentlege forenklingar. Samordning med andre sektororgan krev og vesentlege ressursar. Det er derfor behov for ein grunnleggjande gjennomgang av utmarksforvaltninga, og det er positivt at departementet har sett i gang eit arbeid med forenkling.

Arbeidsgruppa har hatt kort tid til å gjennomgå et stort og komplisert saksfelt. Rapporten er kort, og dei foreslåtte tiltaka er lite grunnjevne. Konsekvensane av tiltaka er i liten grad vurdert, og rapporten er slik sett berre eigna for å kartleggje kva område det vil vera fornuftig å arbeide vidare med skisserte endringsforslag. Hovudutfordringa innan utmarksforvaltninga er først og fremst mangel på heilskapleg forvaltning. Ei meir heilskapleg forvaltning vil både bety forenkling for brukarane og ein meir effektiv ressursbruk. Dei tiltaka som er foreslått burde derfor vore vurdert i ein større samanheng, for å sikre at tiltaka har dei ønskete effektane og for å unngå utilsikta effektar. Det er behov for å utgreie konsekvensane av tiltaka nærare. Faggruppa foreslår å nemne opp eit lovutval for utmark som skal ha ein meir grunnleggjande gjennomgang av utmarkslovgjevinga. Her må også saksområde som i denne omgangen er utelatne takast med, som motorferdsel i utmark, m.m. Større forvaltningsendringar innan utmarksforvaltninga kan ikkje koma før ein får gjort ein *saml*a lovgjennomgang.

Forvaltning av verneområde

Faggruppa har to forslag som medfører oppsplitting av forvaltninga av verneområda. Eitt av forslaga er at kommunane skal få ansvar for forvaltning av verneområde som heilt ligg innan kommunen si grense. Faggruppa har ikkje klargjort om dei her meiner frittliggjande verneområde eller om dei også meiner verneområde som tilhøyrrer verneområdekomplesk, som t.d. Breheimen og Langsua nasjonalparkar med fleire naturreservat og landskapsvernområde som blir forvalta saman med nasjonalparken. Nokre av dei tilgrensande verneområda ligg heilt innan ein kommune, medan andre ligg i fleire kommunar. Dersom nokre av verneområda skulle forvaltast av enkeltkommunar og ikkje i eit nasjonalparkstyre som i dag, vil forvaltninga kunne bli mindre heilskapleg. Det vil også krevje større ressursar til samordning, og oppbygging av eit dobbelt forvaltningsapparat med tilhøyrrande spisskompetanse fleire plassar enn med dagens ordning. For brukarane vil dette heller ikkje nødvendigvis bety forenkling, ved at en da vil måtte søkje om løyve frå fleire forvaltningsstyremakter for verneområde – t.d. ved søknad om motorisert ferdsel som strekkjer seg over fleire verneområde. Denne problemstillinga er ikkje

aktuell for Jotunheimen, da begge verneområda her går over to eller fleire kommunar, men ein vel likevel å kommentere dette sidan det vil røre ved verneområdeforvaltninga generelt.

Forvaltningsreforma med innføring av verneområdestyre er ny. Reforma vart vedteken i 2010 og dei lokale styra har kome til etter kvart. Riksrevisjonens rapport fra 2014 slår fast at det er for tidleg å gjennomføre evaluering av reforma. Det vil derfor vera uheldig å leggje om systemet slik det blir foreslått i rapporten før reforma har fått verke noen år, og ei skikkeleg evaluering er på plass.

Der det er oppretta nasjonalparkstyre med politisk representasjon, bør ein av omsyn til ei heilskapleg og ressurseffektiv forvaltning oppretthalde dagens ordning med at områda i et større vernekompleks blir forvalta samla.

Forslag om kommunen som førstelinjeteneste med ansvar for koordinering av tiltak

Tanken med en førstelinjeteneste har positive sider ved at ein ser for seg å byggje opp eit system der brukaren berre treng å vende seg til eitt organ. På den andre sida vil den ikkje vera i samsvar med ideen bak forvaltningsreforma for dei store verneområda. Mål med reforma var å skape ei meir demokratisk forvaltning av dei store verneområda, gjennom lokal forvaltning med lokale sekretariat. Dei lokale styra som består av representantar kommunar, fylkeskommunar og Sametinget (der dette er relevant) skal sikre ei lokal, demokratisk forankring. Reforma med lokalt tilsette forvaltarar har ført til at forvaltninga har vorte meir tilgjengeleg, og dei auka ressursane har gjeve rom for meir aktiv verneområdeforvaltning, i tråd med føringar frå styret. Forvaltar har blant sine arbeidsoppgåver ansvar for å sikre god kontakt med, og kunnskap om, lokalmiljøet. Dersom kontakten mot brukarane blir fjerna, forsvinn også ein viktig del av grunnlaget for den nyleg igangsette reforma. Reforma legg til rette for betre kontakt både mot brukarar og grunneigarar, og sterkare forankring for berekraftig bruk. Dette arbeidet er også viktig for å auke forståinga for vernet lokalt og bidra til lokal identitetsskaping knytt til nasjonalparkane.

Gjennom å flytte førstelinjetjenesta frå verneområdeforvaltar til kommunen risikerer ein også å skape eit forsinkende mellomledd ved at det er andre enn den som skal behandle/førebu saka som har kontakt med søkjar. Vi stiller også spørsmål ved om det er enklare for brukarane å finne rett kontaktpunkt når all kontakt skal gå via den aktuelle kommunen. Vår erfaring er at dei ikkje-lokale brukarane våre i langt større grad kjenner til Jotunheimen enn den aktuelle kommunen der dei planlegg tiltak, slik at for mange vil eit kommunalt koordineringsorgan snarare opplevast som eit ekstra byråkrati framfor ei reell forenkling. Dagens behandling i nasjonalparkstyret er rask, og saker som hastar får ekstra rask behandling i AU eller som telefonmøtebehandling. Ved delegerte saker kan svar enkelte gonger gjevast same dag. Den direkte kontakten opp mot søkjar medverkar også til å avklare om det er spesielle behov som gjer at ein søknad hastar særskild, og dette er ofte viktig for dei næringsdrivande i verneområdet som ikkje har vegsamband, men er avhengige av løyve for bruk av snøscooter eller helikopter.

Faggruppa legg til grunn eit prinsipp om at *«saksbehandlings- og beslutningssystemet i utmark skal være oversiktlig, demokratisk og effektivt for brukerne»*, og det må utgreiast nærare om alle foreslåtte tiltak er eigna til å oppnå dette.

Utmarksstyre

Faggruppa foreslår at dagens verneområdestyre blir erstatta av utmarksstyre. Det er forslag om å slå saman verneområdestyre og villreinnemnder (der det er villreinområde) til utmarksstyre, som skal og overta dei oppgavene som i dag høyrer til begge desse organa:

«• Utmarksstyrene bør ha en strategisk rolle med avklarte oppgaver og kunne delegere myndighet til sekretariatet og kommunene.

- *Utmarksstyret skal utarbeide nye forvaltningsplaner for de oppgaver og det området de har ansvar for.*
- *Utmarksstyret bør ha tydeligere ansvar for forvaltningsoppsynet ved å prioritere tydelig de oppgaver de ønsker gjennomført. Se pkt. 6.7.*
- *Utmarksstyret bør være bredt sammensatt med et begrenset antall medlemmer. Grunneiere, næringsinteresser samt miljø- og friluftinteresser bør være representert i samtlige styre. Villreininteresser eller reindrift bør være representert der dette er relevant. De fleste utmarksstyrene vil ha forvaltningsansvar for områder som ligger i mange kommuner. Siden styrene skal ha et begrenset antall medlemmer, vil dette trolig innebære at ikke alle kommuner er representert til enhver tid.*
- *Styret bør oppnevnes av Miljødirektoratet etter forslag fra kommunene.*
- *Sekretariatet bør legges til fylkesmannen, som også bør ivareta det formelle arbeidsgiveransvaret til styrets sekretær/forvalter. En slik løsning vil gi utmarksstyrene tilgang til den kapasitet og kompetanse som fylkesmannens stab har innen miljø, areal, juss og landbruk. Utmarksstyrene bør ha ansvaret for utlysning, ansettelse og stillingsinstruks for sekretariatet.»*

I dagens verneområdestyre er alle kommunane representert ved politikarar, som skal representere og balansere dei ulike interessene. Å redusere talet på medlemmer slik at ikkje alle kommunar blir representert vil redusere kommunane si myndigheit, samanlikna med dagens ordning. Dette kan svekke legitimiteten til styra. Det verkar også paradoksalt å foreslå ei slik svekking av medverknaden frå den enkelte kommunen, samstundes som ein vil leggje meir ansvar til kommunane.

Faggruppa foreslår også at partsinteresser (grunneigarar, næringsinteresser og miljø- og friluftinteresser) skal representerast i styra (punkt 6.4 i rapporten). Her kan det lett oppstå skeivheiter i representasjonen til fordel for nokre særinteresser, det vil lettare oppstå habilitetsproblem dersom partane skal inn i styra. Det reiser også eit prinsipielt spørsmål om den demokratiske forankringa til styra. Vidare reiser forslaget spørsmål om eit slik styre med så brei samansetnad som det er foreslått kan bidra til ei effektiv saksbehandling.

Samordning med villreinnemndene *kan* skape ei meir samordna og heilskapleg forvaltning av verneområda der det også er villrein, men faggruppa har ikkje gått nærare inn på korleis samordninga kan skje geografisk og tematisk. Villreinnemndene har verkeområde som skil seg vesentleg frå verkeområda til det enkelte verneområdestyret, og det er uråd å ta stilling til om grepet medfører reell forenkling før det er utgreidd korleis dette kan gjennomførast i praksis. Dersom utmarksstyra skal forvalte områda innan verneområdegrensene, vil det medføre at forvaltninga av villreinen blir fragmentert fordi forvaltninga av villreinen blir knytt til det enkelte utmarksstyret sitt verkeområde og ikkje til utstrekninga av villreinområdet. Det må sikrast at Noreg sitt internasjonale ansvar for ivaretaking av villrein ikkje vert svekka, og forslaget kan ikkje støttast.

Små, partssamansette styre der ikkje alle kommunane er representert vil truleg gje eit mindre demokratisk system med svakare forankring i alle delar av verneområda.

Naturoppsyn

Faggruppa foreslår at følgjande tiltak vert nærare vurdert:

- *Det bør utvikles en tydeligere rollefordeling mellom SNO og forvaltningsmyndighetene ved at forvaltningsmyndighetene får tydeligere ansvar og mer myndighet til å prioritere «kan»-oppgavene. (Veiledning, informasjon, skjøtsel, registrering og dokumentasjon)*
- *Fylkesmannen har ansvaret for koordinering av bestillinger fra samtlige forvaltningsmyndigheter. SNO utfører kan-oppgaver etter bestilling fra fylkesmannen.*
- *SNO bør ha ansvar for oppsyn og kontroll i utmarksområder, blant annet med sikte på å forebygge miljøkriminalitet (skal-oppgaver).*

- *SNO bør ha en sterkere regional organisering, og dette leddet bør være part i bestillingsdialogen med fylkesmennene. Det bør utredes nærmere om mulige løsninger på regionalt nivå.*
- *De offentligrettslige oppsynsoppgavene som ligger under Fjelltjenesten, bør overføres til SNO, jf. sammenslåingen av Fjelltjenesten i Finnmark og SNO.*
- *I forbindelse med en foreslått gjennomgang av fjelloven i pkt 6.8 bør de offentligrettslige oppsynsoppgavene som Fjelloppsynet utfører i medhold av fjelloven, vurderes lagt til SNO.*

For verneområdestyra er det særleg forholdet til SNO som er viktig. Hovudsamordninga mellom verneområdestyra og SNO skjer i dag gjennom den såkalla «Bestillingsdialogen». Nasjonalparkstyra melder inn behov for arbeidsressursar frå SNO og midlar til tiltak for komande år til SNO sentralt. Tiltaksmidlar er midlar til tiltak både i regi av verneområdestyret og SNO. Bestillingsdialogen via SNO er omstendeleig, og det kan reisast spørsmål ved at eit organ som i utgangspunktet ikkje skal ha forvaltningsoppgåver, er det organet som fordeler midlar til tiltak som forvaltningsmyndigheita meiner er nødvendig for å følgje opp vernevedtak, gjennomføring av forvaltningsplanen og tiltak knytt til verdiskaping.

Fordeling av tiltaksmidlar til verneområdestyra blir vurdert på nasjonalt nivå. Det har vore forslag om fordeling av tiltaksmidlar i forhold til areal, men både sårbarheit/besøkstrykk, skjøtselsbehov og spesielle utfordringar som kan dukke opp bør vera viktigare kriteria for tildeling av tiltaksmidlar enn berre arealet.

I Jotunheimen/Utladalen fungerer samarbeidet mellom forvaltninga og lokalt SNO svært godt med dagens ordning. Prinsipielt er det likevel uheldig at samarbeidet ikkje er sterkare institusjonalisert. Det er m.a. behov for å få ei avklaring i forhold til overlappande arbeidsoppgåver (SNO sine «kan»-oppgaver), slik at forvaltningsmyndigheita får eit overordna ansvar for skjøtsels-, informasjons- og tilretteleggingstiltak. Forvaltninga bør følgje linjeprinsippet og vera underlagt fagavdelinga i Miljødirektoratet. Tiltaksmidlar bør søkjast om frå fagavdelinga for verneområdeforvaltninga, og ikkje gå via SNO sine kanalar.

Rolla til SNO som oppsyn, kontrollorgan og utførande aktør på skjøtsel og andre tiltak prioritert av forvaltningsstyremakta bør gjerast tydelegare. SNO bør ivareta «skal»-oppgavene etter naturoppsynslova, og at «kan»-oppgåvene skal utførast etter prioriteringar i verneområdestyre og kommunar som har forvaltningsansvar for verneområde. Ein er einig i faggruppa sitt forslag om å leggje til rette for «tydeligere rollefordeling mellom SNO og forvaltningsmyndighetene ved at forvaltningsmyndighetene får tydeligere ansvar og mer myndighet til å prioritere kan-oppgavene.» Dette er også i tråd med faggruppa sine prinsipp for forenklingstiltak.

Tiltak arbeidsgruppa ikkje har vurdert: Utviding av verneområdestyra sitt mandat

Utvida mandat i forhold til bruk og fysiske tiltak

Verneområdestyra har i dag myndigheit etter naturmangfaldlova med aktuelle forskrifter. Verneforskriftene set rammene for bruk og fysiske tiltak i verneområda. I og med at naturmangfoldlova, plan- og bygningslova (PBL) og motorferdsellova er likestilte lovverk, så krev søknader både om motorferdsel og fysiske tiltak at tiltakshavar må søkje parallelt til ulike instansar etter ulike lovverk. Her kan det vera fleire moglegheiter for forenkling.

I og med at verneområdestyra består av politikarar fra dei kommunane som har areal i verneområda, dvs. at dei representerer organa som også er motorferdsels- og PBL-styresmakt, ville det vera ei forenkling om søknader om motorisert ferdsel og enkle fysiske tiltak kunne avgjerast av verneområdestyra uten dobbel behandling, men med klagerett for kommunane. Det er viktig å ikkje avgrense kommunane si rolle som plan- og bygningslovsmyndigheit, men enkelte saker kan truleg forenklast også på dette området etter nærare utgreiingar. I praksis vil

behandling etter naturmangfoldlova nesten alltid vera mest restriktiv, og slik sett vera negativt avgrensande for kommunane si behandling etter PBL.

Det ville spare både ressurar og tid, både for offentleg forvaltning og søkjar, at eitt offentleg organ behandlar ein søknad der dette ikkje går ut over fagleg kvalitet på forvaltninga. Dette vil særleg gjelde motorferdselsaker.

Utvida mandat i høve til kulturminne

Verneområdestyrene forvalter nå naturmangfoldlova og verneforskriftene, med klageadgang for Fylkesmannen. Ein kunne tenkje seg å få utgreidd ei tilsvarande ordning for kulturminne, slik at verneområdestyret hadde forvaltninga, men med klageadgang for fylkeskonservatoren. Dette vil gjera det enklare for publikum i forhold til søknader, men krev god dialog og utveksling av kompetanse mellom aktørane.

Større rom for delegering frå nasjonalparkstyre til nasjonalparkforvaltar

Etter vedtektene for nasjonalparkstyra kan ikkje § 48-saker delegerast frå styret til forvaltar. Erfaringar viser at mange § 48-saker ikkje er av prinsipiell karakter, men er enkle tiltak der løysinga er gjeve ut frå forvaltningsplanen eller presedens utvikla gjennom tidlegare vedtak. Vedtektene for nasjonalparkstyra bør endrast slik at styra gjennom delegeringsvedtak sjølve kan definere kva saker dei finne det naturleg å delegere, framfor å detaljstyre høvet til å delegere etter kva enkeltparagraf tiltaket fell inn under.

Ordlyden i dag:

Styret kan gi forvalteren myndighet til å treffe vedtak i alle saker som gjelder søknad om tillatelse etter verneforskriftenes spesifiserte dispensasjonsbestemmelser om ferdsel.

Det er ikke anledning til å delegere adgangen til å treffe vedtak etter naturmangfoldloven § 48.

Alternativ ordlyd som gjev styret nødvendig handlingsrom kan t.d. vera:

Styret kan gi forvalteren myndighet til å treffe vedtak i alle saker som gjelder søknad om tillatelse etter verneforskriftenes spesifiserte dispensasjonsbestemmelser om ferdsel, og andre kurante enkeltsaker etter nærmere spesifisering gitt av styret gjennom vedtak om delegering.

Det er styret som avgjer kva saker dei ønskjer å delegere. Foreslått praksis samsvarar med etablert praksis i kommunane. Formuleringa “saker av kurant karakter” er ei vanleg formulering i kommunale delegeringsreglement og tolkinga skjer i samspel mellom politikarar og administrasjon/sekretariat.

Arkivsaksnr: 2014/8677-2

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 09.01.2015

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	17/2015	09.03.2015

Revidering av vedtekter for nasjonalpark- / verneområdestyrene og stillingsinstruks for forvaltar - uttale frå Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen

Forvaltar si innstilling

Uttale frå Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen:

Det er positivt at vedtektene nå klargjer status for verneområdestyra, slik at styret vert definert som *«en juridisk person med myndighet til å inngå avtaler og påta seg forpliktelser innenfor de økonomiske rammene styret disponerer.»*

Samla sett burde styrevedtektene og stillingsinstruksen vore betre gjennomarbeidde, for å plassere aktuelle formuleringar der dei best høyrer heime. Dette gjeld særleg pkt. 6 i styrevedtektene, som har formuleringar som går på innhald i stilling og utøving av arbeidet til forvaltarane, og ikkje går inn under det som er styret sine oppgåver.

Revisjon av styrevedtektene må også sjåast i samanheng med rapport frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet med forslag til forenklingar i utmarksforvaltninga. Detaljstyringa som styrevedtektene legg opp til er eit lite eigna verkty for å nå målet om slik forenkling. Det må visast tillit til at nasjonalpark-/verneområdestyra sjølve kan utøve det nødvendige skjønn for å leggje opp arbeidet sitt på ein hensiktsmessig måte og vurdere kva saker som eignar seg for delegering.

Merknader til vedtektene for styra:

Pkt. 4: *Nasjonalpark- verneområdestyrets medlemmer, oppnevning, sammensetning*
Dersom fylkeskommunen skal vera representert, må ordlyden justerast slik at det vert tydeleg at kvar fylkeskommune med areal i verneområdet skal vera representert.

Pkt. 5: *Opprettelse av arbeidsutvalg*

Det bør leggst til at tal medlemmer i arbeidsutvalet bør vera oddetal, for å unngå at leiaren si dobbeltstemme vert avgjerande i saker med stemmelikskap.

Pkt. 6: *Nasjonalpark- / verneområdestyrets sekretariat*

Dette punktet omhandlar korleis forvaltaroppgåvene skal utøvast, og bør redigerast slik at setningane som meir høyrer inn under *Stillingsbeskrivelse for forvalter* blir flytta dit det er meir naturleg. Sjå merknader i saksutgreiinga.

Høve til delegering bør ikkje vera styrt etter kva paragraf saka bli behandla etter, men etter kva innhald og betydning saka har. Følgjande formulering bør derfor strykast:
«Styret har ikke adgang til å delegere myndigheten til å treffe vedtak etter naturmangfoldloven § 48.» Styret må få myndigheit til å vedta delegering av saker av kurant karakter. Forslag til alternativ tekst:
«Styret kan gi forvalter(e) myndighet til å treffe vedtak i saker av kurant karakter. Styret konkretiserer hvilke saker dette omfatter gjennom eget vedtak om delegering.»

Pkt. 7 - om møtene i nasjonalpark-/verneområdestyret

Saksmengda kan variere mellom styra, og det kan vera store variasjonar frå år til år. I og med at styra kan opprette arbeidsutval, må det vera opp til styra sjølve å vurdere nødvendig møtefrekvens, så det er ikkje nødvendig å auke minimum tal møte frå 2 til 4.

3. avsnitt av pkt. 7 blir foreslått endra til:

«Varsel om tid for møte i nasjonalparkstyret skal skje med 2 ukers varsel. Endelig innkalling med saksdokumentene sendes en uke før møtet. Styret avgjør selv om de vil ta opp eventuelle saker som ettersendes senere enn dette.»

Siste setning i 4. avsnitt blir foreslått endra til:

«Representanter og forvalter(e) har rett til protokolltilførsel.»

Utforming av saksframstilling skjer før møte, og ein veit da ikkje om styret kjem til å gjera anna vedtak. Det er ikkje logisk å gjera om at saksframstillinga i ettertid, så grunngjeving og vurdering for alternative vedtak må heller gå fram av protokoll/vedtak:
*«Forvalteren er underlagt styret i forvaltningen av verneområdet/verneområdene. I tilfeller der styrets vedtak har et annet utfall enn forvalters tilrådning til vedtak, skal dette fremgå av saksframstillingen **protokollen**. Styrets begrunnelse for valg av annet utfall enn tilrådning fra forvalter må komme frem i saksframstillingen **vedtaket**.»*

Pkt. 8.2 Skjøtsel og besøksforvaltning og omtale av Bestillingsdialogen:

Nasjonalparkstyret oppmodar om at ordninga med bestillingsdialog blir gjennomgått og vurdert på nytt, sett i lys av at det nå er *politisk* oppnemnde styre som har forvaltningsansvaret for verneområda. Tiltaksmidlar bør budsjetterast direkte til styra. Styret finn det ikkje naturleg at tildelinga av midlar til dei politisk oppnemnde styra skjer via Statens Naturoppsyn, som skal vera eit kontroll- og utførande organ, og ikkje eit forvaltningsorgan. Ein bør unngå dobbeltrolla ved at SNO først har ei nøkkelrolle ved tildeling av midlar til forvaltninga, og deretter skal utføre oppdrag på vegne av forvaltninga.

Prosessen bør vera lik i alle verneområda, og bør forenklast for å unngå unødig saksbehandling i styra, jf. også rapport om forenkling og effektivisering av forvaltninga.

Pkt. 8.5 Brudd på naturmangfoldloven / verneforskriftene

Det er den som først får kjennskap om eit mogleg ulovleg forhold som bør ha ansvaret for å anmelde eller rapportere forholdet.

Pkt. 8.6 Orientering om vedtak

Følgjande setning bør flyttast til pkt. 8.5 *Brudd på naturmangfoldloven /*

Verneforskriftene:

«Rapporter og anmeldelser for brudd på naturmangfoldloven / verneforskriftene skal sendes til Fylkesmannen, Statens naturoppsyn og Miljødirektoratet.»

Når det gjeld kravet om å sende kopi av alle vedtak til dei aktuelle fylkesmennene og Miljødirektoratet, viser ein til følgjande:

Det må vera unødvendig tidsbruk og dobbeltarbeid å oversende kopi av dei vedtaka som skal inn i Miljøvedtaksregisteret til Miljødirektoratet og fylkesmannen, sidan det er mogleg å setje opp varslingar i registeret, slik at dei blir varsla om alle nye vedtak. Vi viser til uttale frå nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen i sak 34/2012, der det vart påpeika at Miljøvedtaksregisteret bør bidra til *forenkling* gjennom å avløyse andre rapporteringar, framfor å medføre auka byråkrati.

Utkast til revidert stillingsbeskrivelse for forvalter

Ein del av pkt. 6 i forslaget til styrevedtekter bør flyttast over til pk.1.1. Det bør gjerast ein samla gjennomgang for å plassere innhaldet på rett plass, og ta ut det som er overflødig. Det er ikkje nødvendig med detaljert oppsummering av forvaltaren sine oppgåver og korleis dei bør løysast i styrevedtektene, da slike reglar høyrer heime i stillingsinstruksjonen.

Saksopplysningar

Saksdokument

- Høyringsbrev av 18.12.14 frå Miljødirektoratet
- *Utkast til reviderte vedtekter for nasjonalpark- verneområdestyrene* (vedlegg)
- *Utkast til revidert stillingsbeskrivelse for forvalter* (vedlegg)

Miljødirektoratet har sendt utkast til reviderte vedtekter for nasjonalpark-/verneområdestyra og utkast til revidert stillingsomtale for forvaltar til høyring, med uttalefrist 15. mars. Vedtektene og stillingsomtalen for forvaltar vil bli tema på den planlagde nasjonalparkkonferansen i april 2015, og endeleg vedtak blir gjort etter konferansen.

Bakgrunn for revisjonane er oppgjeve slik:

«Som en oppfølging av Riksrevisjonens rapport om forvaltning av verneområder fikk Miljødirektoratet i høst i oppdrag fra Klima- og miljødepartementet blant annet å revidere vedtektene for nasjonalpark-/verneområdestyrene slik at forholdet mellom nasjonalpark-/verneområdestyrene, forvalteren og fylkesmannen ble tydeligere. - - - - -

Videre ble direktoratet også bedt om å vurdere om det kan være aktuelt å åpne for at styrene kan delegere ytterligere oppgaver til forvalter, samt at stillingsinstruksjonen for forvalter ble revidert for å tydeliggjøre forvalterens plikter som følge av styrets instruksjonsmyndighet og styringsrett.»

Vurdering

Nasjonalparkstyret er bedt om å koma med innspel på om vedlagte utkast er tydelege, og om dei dekkjer nødvendige forhold som styra og forvaltarane møter i si forvaltning av verneområda. Endringar er kommentert på punkt der ein ser behov for å gje uttale.

Det er positivt at vedtektene nå klargjer status for verneområdestyra på denne måten; *«Nasjonalpark-/verneområdestyret anses som en juridisk person med myndighet til å inngå avtaler og påta seg forpliktelser innenfor de økonomiske rammene styret disponerer.»*

Utkast til reviderte vedtekter for nasjonalpark- / verneområdestyrer

Pkt. 4.

Nasjonalpark- /verneområdestyrets medlemmer, oppnevning, sammensetning m.v. Gjeldende vedtekter viser til at hver fylkeskommune skal vera representert i styret, medan det i nytt utkast er formulert slik:

«Fylkeskommunen skal være representert med ett medlem fra fylkestinget / fylkesrådet,- - -»

Kommentar:

Dersom fylkesnivået skal vera representert i verneområdestyra, bør det ikkje vera berre ein fylkeskommune som er representert når verneområda som styret skal forvalte ligg i fleire fylke, og ordlyden bør endrast til: *«Hver fylkeskommune - - -»*.

Pkt. 5. Opprettelse av arbeidsutvalg

Både i gjeldande vedtekter og i utkastet til reviderte vedtekter går det fram at:

«Styret kan gi arbeidsutvalget myndighet til å treffe vedtak etter naturmangfoldloven / verneforskriftene i enkeltsaker som ikke er av stor betydning for verneverdiene.»

I utkastet til reviderte vedtekter er det foreslått at:

«Styret kan nedsette et arbeidsutvalg bestående av X personer fra styret.»

Kommentar:

Tal medlemmer bør vera oddetal, for å unngå at leiaren si dobbeltstemme vert avgjerande i saker med stemmelikheit.

Pkt. 6. Nasjonalpark- / verneområdestyrets sekretariat:

Dette punktet inneheld også omfattande omtale av forvaltaren sine oppgåver, sjå vedlegget. Formuleringane om forvaltaren sine oppgåver bør flyttast og redigerast inn i pkt. 1.1 i *Stillingsbeskrivelsen for nasjonalpark-/ verneområdeforvalterne*.

Pkt. 6 i styrevedtektene kan med slik tilpassing kortast ned til følgjande:

«Sekretariatet for nasjonalparkstyret består av en eller flere nasjonalparkforvalter(e) som ansettes av Fylkesmannen i X og i dialog med styret. Fylkesmannen i X har personalansvaret for nasjonalpark-/verneområdeforvalteren(e).

Forvalteren skal i samråd med nasjonalpark-/verneområdestyret sørge for enhetlig og helhetlig forvaltning av verneområdet/verneområdene uavhengig av administrative grenser.

*Forvalteren er underlagt styret i forvaltningen av verneområdet/verneområdene. I tilfeller der styrets vedtak har et annet utfall enn forvalters tilrådning til vedtak, skal dette fremgå av saksfremstillingen **protokollen**. Styrets begrunnelse for valg av annet utfall enn tilrådning fra forvalter må komme frem i saksfremstillingen **vedtaket**.*

Styret kan gi forvalteren myndighet til å treffe vedtak i alle saker som gjelder søknad om tillatelse etter verneforskriftenes spesifiserte dispensasjonsbestemmelser om ferdsel og motorferdsel. Dersom vedtak truffet av forvalteren etter delegert myndighet påklages, skal klagen vurderes av styret/arbeidsutvalget før den eventuelt sendes over til Miljødirektoratet som endelig klageinstans.

Styret disponerer forvalters arbeidstid. Overtid avtales særskilt med fylkesmannen, eventuelt dekkes med midler som styret selv disponerer.

Ved søknader om permisjon, langtidsfravær, eller der forvalter varsler om fratredelse fra sin stilling, skal fylkesmannen i dialog med styret komme til enighet om hvem som skal fylle stillingen inntil ny forvalter er ansatt.

Klima- og miljødepartementet har utarbeidet en egen instruks for prosessen knyttet til ansettelse av nasjonalpark-/verneområdeforvalter.»

Merknad til overstryking og innsetting av raud tekst:

Ved utforming av saksframstilling veit ein ikkje om styret kjem til å gjera anna vedtak, og det er ikkje logisk å gjera om at saksframstillinga i ettertid. Avvikande vedtak vil gå fram av protokollen, og sjølv om det går fram av forvaltningslova at alle enkeltvedtak skal grunngjevast, er det greitt å tydeleggjera dette kravet i vedtektene.

Denne formuleringa bør strykast:

Styret har ikke adgang til å delegere myndighet til å treffe vedtak etter naturmangfoldloven § 48.

Kommentar:

Det er ikkje alltid at saker etter § 48 er av vesentleg eller prinsipiell karakter. Dette gjeld spesielt der ein har eldre verneforskrifter. Sjølv med oppdaterte forskrifter kan det vera søknader om løyve til bagatellmessige tiltak som ikkje har kome med i den definerte lista over tiltak som kan tillatast, slik at § 48 i nmf blir den heimelen som må nyttast.

Ei heilt vanleg formulering i kommunale delegeringsreglement er t.d.: «Saker av kurant karakter vert delegert til rådmannen med høve til intern delegering i administrasjonen.»

Dette er ein praksis som styremedlemmene – som i hovudsak kjem frå kommunenivået – er godt kjent med. Formuleringa om delegering bør derfor endrast til følgjande.

«Styret kan gi forvalter(e) myndighet til å treffe vedtak i saker av kurant karakter. Styret konkretiserer hvilke saker dette omfatter gjennom eget vedtak om delegering.»

Saker av kurant karakter kan t.d. omfatte følgjande presiseringar:

- Verneforskriftenes spesifiserte tillatelsesbestemmelser om ferdsel og motorferdsel.*
- Saker etter verneforskriftenes øvrige spesifiserte tillatelsesbestemmelser og etter naturmangfoldloven § 48 der:*
 - Det dreier seg om fornying av tillatelse eller dispensasjon gitt av styret eller arbeidsutvalget, og forutsetningene er tilnærmet uendret.*
 - Det foreligger presedens fra saker behandlet av styret / AU i identisk sak.*
 - Forvaltningsplan gir entydige føringer for utfallet.*

Ved tvil skal forvalteren drøfte saken med styreleder. Dette skal komme fram av saksutredningen, hvis forvalteren fatter delegert vedtak i saken. Alle delegerte vedtak skal refereres for styret.»

Pkt. 7. Om møtene i nasjonalpark- / verneområdestyret

Gjeldande vedtekter legg til grunn at: «Styret trer sammen minst to ganger hvert år, ...»

I utkastet til reviderte vedtekter er det foreslått: «Styret trer sammen minst fire ganger hvert år,...

Kommentar:

Saksmengda kan variere mellom styra, og det kan vera store variasjonar frå år til år. I og med at styra kan opprette arbeidsutval, bør det vera opp til styra sjølve å vurdere nødvendig møtefrekvens. To møte i året bør likevel vera minimum. Dette m.a. for å har forankring i styret på tiltak som vert meldt inn i bestillingsdialogen og den endelege prioriteringa når budsjetttramma er klar.

I de både gjeldande vedtekter og i utkastet til reviderte vedtekter er det sett frist på 2 veker for utsending av styredokument: *«Innkalling til møte i nasjonalparkstyret skal skje med 2 ukers varsel. Innkallingen skal inneholde oversikt over de saker som skal behandles. Saksdokumentene sendes samtidig med innkallingen.»*

Kommentar:

Dei fleste styre har etablert ein praksis der møteinnkalling og saksdokument vert sendt til medlemmene i styret eller arbeidsutvalet ca. 1 veke før møtet. Dette har vist seg å vera praktisk for saksbehandlinga i sekretariatet og tidsnok også for styremedlemmene, føresett at sjølve tidspunktet for møtet er varsla tidlegare. Dette er også ein fordel i høve til at søknader kjem inn heile tida, slik at ein får med flest mogleg utan å gå via ettersending av saker. Det bør vera tilstrekkeleg med 1 veker frist for utsending av møtedokumenta. Tid for møte bør vera sett i ein årleg/halvårleg møteplan.

Teksten blir forslått endra til:

*«**Varsel om** tid for møte i nasjonalparkstyret skal skje med 2 ukers varsel. Endelig innkalling med saksdokumentene sendes en uke før møtet. Styret avgjør selv om de vil ta opp eventuelle saker som ettersendes senere enn dette.»*

Om protokolltilførsel står følgjande:

Representanter og sekretariatsleder har rett til protokolltilførsel.

Kommentar:

Der det er tilsett to eller fleire forvaltarar, er dei vanligvis sidestilte, slik at ingen har rolle som «sekretariatsleder». Det bør derfor stå: *«Representanter og forvalter(e) har rett til protokolltilførsel.»* Det bør som hovudregel varslast om protokolltilførselen på møtet, og seinest når forslag til protokoll blir sendt til godkjenning av dei som skal skrive under. Dette bør også gå fram av vedtektene.

Pkt. 8.2 Skjøtsel og besøksforvaltning

Dette punktet omhandlar m.a. bestillingsdialogen, og det står m.a.: *« - - - styret tildeles årlig midler til skjøtsel og forvaltning til prioriterte tiltak i henhold til vedtatte forvaltningsplaner/skjøtelsplaner. Tildelingene skjer over budsjettet til Miljødirektoratet / Statens naturoppsyn ut i fra de budsjettmessige rammer det enkelte året.»*

Kommentar: Det er ei noko merkeleg ordning at tildelinga av midlar til dei politisk oppnemnde styra skjer via Statens Naturoppsyn, som skal vera eit kontroll- og utførande organ, og ikkje eit forvaltningsorgan. På den eine sida deltek SNO nå i tildeling av midlar, og deretter skal dei utføre oppdrag på vegne av forvaltninga. Ordninga bør vurderast, sett i lys av at det nå er politisk oppnemnde styre som har forvaltningsansvaret for verneområda. Tiltaksmidlar bør budsjetterast direkte til styra. Dette også som eit ledd i arbeidet med forenkling.

Pkt. 8.5 Brudd på naturmangfoldloven / verneforskriftene

I utkastet til reviderte vedtekter er det foreslått at:

Styret har som forvaltningsmyndighet et selvstendig ansvar for å påse at alle brudd på

verneforskriftene som styret får kjennskap til, blir rapportert / anmeldt til politiet dersom forholdet er straffbart. Og i utkastet til revidert stillingsinstruks for nasjonalpark- / verneområdeforvaltere, pkt. 2.7, går det fram at forvalteren på vegne av styret skal sørge for at brot på reglane i verneforskrifta blir rapportert / anmeldt til politiet.)

Kommentar:

Statens naturoppsyn er tilsynsmyndighet for verneområda, jf. pkt. 11 i utkastet til vedtekter, og SNO skal også anmelde eller rapportere forhold som kan vera straffbare. Det er den som først får kjennskap om eit mogleg ulovleg forhold som bør ha ansvaret for å anmelde eller rapportere forholdet.

Formuleringa i forslaget til vedtak bør derfor endrast til:

Styret har som forvaltningsmyndighet et selvstendig ansvar for å påse at alle brudd på verneforskriftene som styret får kjennskap til, blir rapportert / anmeldt av Statens naturoppsyn eller forvalteren(e) til politiet, dersom det er grunn til å anta at forholdet er straffbart.

Pkt. 8.6 Orientering om vedtak

Følgjande setning bør flyttast til pkt. 8.5 Brudd på naturmangfoldloven /

Verneforskriftene:

«Rapporter og anmeldelser for brudd på naturmangfoldloven / verneforskriftene skal sendes til Fylkesmannen, Statens naturoppsyn og Miljødirektoratet.»

Fylkesmannen i X og Miljødirektoratet skal ha tilsendt kopi av alle vedtak truffet av nasjonalparkstyret, nasjonalparkforvalteren eller arbeidsutvalget. (...)

Vedtak truffet av nasjonalparkstyret, forvalteren eller arbeidsutvalget skal fortløpende registreres i Miljøvedtaksregisteret.

Kommentar:

Det må vera unødvendig tidsbruk og dobbeltarbeid å oversende kopi av dei vedtaka som skal inn i Miljøvedtaksregisteret til Miljødirektoratet og fylkesmannen, sidan det er mogleg å setje opp varslingar i registeret, slik at dei blir varsla om nye vedtak. Viser til uttale frå nasjonalparkstyret i sak 34/2012, der det vart påpeika at Miljøvedtaksregisteret bør bidra til *forenkling* gjennom å avløyse andre rapporteringar, framfor å medføre auka byråkrati.

Utkast til revidert stillingsbeskrivelse for forvalter

Ein del av pkt. 6 i forslaget til styrevedtekter bør flyttast over til pk.1.1. Det bør gjerast ein samla gjennomgang for å plassere innhaldet på rett plass, og ta ut det som er overflødig. Det er ikkje nødvendig med detaljert oppsummering av forvaltaren sine oppgåver og korleis dei bør løysast i styrevedtektene, men presenterast samla i stillingsomtalen.

Vedtekter for X nasjonalparkstyre/verneområdestyre for X nasjonalpark/landskapsvernområde i X fylke

Miljødirektoratet har med hjemmel i naturmangfoldloven § 62 annet ledd og tredje punktum, jf Klima- og miljødepartementets delegering av myndighet til Miljødirektoratet i brev av 14. oktober 2014, jf. kongelig resolusjon av 4. juni 2010 fastsatt følgende vedtekter for nasjonalpark-/verneområdestyret:

1. VEDTEKTENES FORMÅL

Formålet med disse vedtektene er å legge til rette for en helhetlig og kunnskapsbasert forvaltning av x nasjonalpark/landskapsvernområde.

Vedtektene skal sørge for at nasjonalparkstyret/verneområdestyret skal kunne oppfylle formålet med vernet i tråd med nasjonale mål og internasjonale forpliktelser.

2. STYRETS MYNDIGHET

Dette verneområdet skal forvaltes av et nasjonalpark-/verneområdestyre, jf. naturmangfoldloven § 62 annet ledd tredje punktum, innenfor rammen av naturmangfoldloven, herunder lovkapittel II Alminnelige bestemmelser om bærekraftig bruk, lovkapittel V Områdevern og verneforskrifter for de enkelte verneområdene.

Nasjonalpark-/verneområdestyret anses som en juridisk person med myndighet til å inngå avtaler og påta seg forpliktelser innenfor de økonomiske rammene styret disponerer.

3. GEOGRAFISK VIRKEOMRÅDE

Nasjonalparkstyret/verneområdestyret skal ha forvaltningsansvaret for følgende

verneområde(r): X

IID	Områdenavn	Verneform
VVxxxxxxxx	xxx	Nasjonalpark
VVxxxxxxxx	xxx	Landskapsvernområde
VVxxxxxxxx	xxx	Naturresevat

4.NASJONALPARK-/VERNEOMRÅDESTYRETS MEDLEMMER, OPPNEVNING, SAMMENSETTING MV

Sammensetningen av styret skal følge kravene til kjønnsfordeling i likestillingsloven § 13

Nasjonalparkstyret skal ha X medlemmer med personlige varamedlemmer som møter når det faste medlemmet har forfall. Nasjonalparkstyret oppnevnes av Miljødirektoratet etter innstilling fra de berørte kommunene, fylkestinget i X og Sametinget.

Hver kommune skal være representert med X medlemmer og innstiller X kvinner og X menn blant kommunestyrets medlemmer. Fylkeskommunen skal være representert med ett medlem fra fylkestinget/fylkesrådet, og innstiller en kvinne og en mann blant fylkestingets/fylkesrådets medlemmer. Sametinget skal være representert ved X medlem(mer), og innstiller X menn og X kvinner.

Oppnevningsperioden for medlemmene følger valgperioden for henholdsvis kommunestyret, fylkestinget og Sametinget.

Nasjonalparkstyret velger selv sin leder og nestleder.

5.OPPRETTELSE AV ARBEIDSUTVALG

Styret kan nedsette et arbeidsutvalg bestående av X personer fra styret.

Styret kan gi arbeidsutvalget myndighet til å treffe vedtak etter naturmangfoldloven/verneforskriftene i enkeltsaker som ikke er av stor betydning for verneverdiene. Arbeidsutvalgets vedtak skal treffes innenfor rammen av prinsipper fastsatt av styret for de ulike saksområdene i tråd med naturmangfoldloven/verneforskriftene.

6.NASJONALPARK/VERNEOMRÅDE SEKRETARIAT

Sekretariatet for nasjonalparkstyret består av en eller flere nasjonalparkforvalter(e) som ansettes av Fylkesmannen i X og i dialog med styret. Fylkesmannen i X har personalansvaret for nasjonalpark-/verneområdeforvalteren(e).

Forvalteren skal i samråd med nasjonalpark-/verneområdestyret sørge for enhetlig og helhetlig forvaltning av verneområdet/verneområdene uavhengig av administrative grenser.

Forvalterens hovedfunksjon er å være sekretariat for nasjonalpark-/verneområdestyret og faglig forberede alle styresaker. Forvalteren skal gjennom sin saksbehandling bidra til at styret forvalter områdene i samsvar med naturmangfoldloven og verneforskriftene, og

følge forvaltningslovens bestemmelser. Forvalteren er underlagt styret i forvaltningen av verneområdet/verneområdene. I tilfeller der styrets vedtak har et annet utfall enn forvalters tilrådning til vedtak, skal dette fremgå av saksfremstillingen. Styrets begrunnelse for valg av annet utfall enn tilrådning fra forvalter må komme frem i saksfremstillingen.

Styret kan gi forvalteren myndighet til å treffe vedtak i alle saker som gjelder søknad om tillatelse etter verneforskriftenes spesifiserte dispensasjonsbestemmelser om ferdsel og motorferdsel. Dersom vedtak truffet av forvalteren etter delegert myndighet påklages, skal klagen vurderes av styret/arbeidsutvalget før den eventuelt sendes over til Miljødirektoratet som endelig klageinstans.

Styret har ikke adgang til å delegere myndigheten til å treffe vedtak etter naturmangfoldloven § 48.

Forvalterens vedtak skal treffes i tråd med naturmangfoldloven, verneforskriftene og eventuell forvaltningsplan. Der det ikke foreligger godkjent forvaltningsplan skal styret vurdere om det skal gis særskilte retningslinjer for behandlingen av denne typen saker.

Styret disponerer forvalters arbeidstid. Overtid avtales særskilt med fylkesmannen, eventuelt dekkes med midler som styret selv disponerer.

Ved søknader om permisjon, langtidsfravær, eller der forvalter varsler om fratredelse fra sin stilling, skal fylkesmannen i dialog med styret komme til enighet om hvem som skal fylle stillingen inntil ny forvalter er ansatt.

Klima- og miljødepartementet har utarbeidet en egen instruks for prosessen knyttet til ansettelse av nasjonalpark-/verneområdeforvalter.

7. OM MØTENE I NASJONALPARK-/VERNEOMRÅDESTYRET

Kommuneloven kap. 6 om saksbehandlingen i folkevalgte organer kommer til anvendelse så langt de passer, med de tilpasninger som er fastsatt i denne vedtekten. Kommuneloven § 40 gjelder tilsvarende.

Styret trer sammen minst fire ganger hvert år og ellers når lederen bestemmer. Lederen plikter å kalle inn dersom minst en tredel av medlemmene ønsker det.

Innkalling til møte i nasjonalparkstyret skal skje med 2 ukers varsel. Innkallingen skal inneholde oversikt over de saker som skal behandles. Saksdokumentene sendes samtidig med innkallingen.

Det føres protokoll fra møtene. Protokollen underskrives av styreleder og to medlemmer som velges ved møtets begynnelse. Representanter og sekretariatsleder har rett til protokolltilførsel.

For at forvaltningsstyret skal være beslutningsdyktig må minimum halvparten av

representantene være til stede. Vedtak fattes ved flertallsbeslutninger. Ved stemmelikhet har lederen dobbeltstemme.

8. STYRETS OPPGAVER

Medlemmene av styret skal forvalte verneområdene i samsvar med internasjonale forpliktelser, naturmangfoldloven og verneforskriftene for det enkelte verneområde. Alle representantene i styret har et felles ansvar for en helhetlig forvaltning av verneområdene hvor ivaretagelse av verneverdiene og verneformålet er hovedoppgaven.

8.1 Forvaltningsplan

Styret skal utarbeide/revidere forvaltningsplan for verneområdet(ene). Oppstart av planarbeidet bør skje i dialog med Miljødirektoratet. Forvaltningsplaner skal utarbeides innenfor rammene av naturmangfoldloven og verneforskriftene. Forvaltningsplanen skal konkretisere hvordan formålet med vernet skal nås, og skal inneholde en flerårig tiltaksplan og en besøksstrategi. Utkast til forvaltningsplan skal sendes til direktoratet for faglig gjennomgang før høring. Forvaltningsplanen skal godkjennes av Miljødirektoratet.

8.2 Skjøtsel og besøksforvaltning

Som forvaltningsmyndighet skal styret ut fra naturmangfoldloven § 33 og verneformålet i de enkelte verneforskrifter vurdere behov for og nødvendig gjennomføring av skjøtsel og tilrettelegging. Plan for skjøtsel og eventuell tilrettelegging skal, jf. §§ 35 og 36 siste ledd, inngå i en forvaltningsplan godkjent av Miljødirektoratet. Forvaltningstiltak iverksettes på et kunnskapsbasert grunnlag i samsvar med vedtatte forvaltningsplaner/skjøtelsplaner.

Styret kan som forvaltningsmyndighet legge til rette for at verneområdets potensial for verdiskapning utnyttes innenfor rammen av verneforskriftene og naturmangfoldloven. Dette skal skje gjennom konkrete forvaltnings- og skjøtselstiltak, fortrinnsvis i tråd med den delen av forvaltningsplanen som omhandler besøksstrategi. Styret skal ikke opptre som næringsaktør.

Nasjonalparkstyret skal utarbeide årlige prioriteringer av skjøtels- og forvaltningstiltak i verneområdene i tråd med den flerårige tiltaksplanen.

Styret skal etablere et nært samarbeid med Statens naturoppsyn lokalt. Det skal være en bestillingsdialog mellom styret og Miljødirektoratet/Statens naturoppsyn, og styret tildeles årlig midler til skjøtsel og forvaltning til prioriterte tiltak i henhold til vedtatte forvaltningsplaner/skjøtelsplaner. Tildelingene skjer over budsjettet til Miljødirektoratet/Statens naturoppsyn ut i fra de budsjettmessige rammer det enkelte året. Nasjonalpark-/verneområdestyret prioriterer bruken av de tildelte midlene. Alle tiltak skal være i tråd med godkjent forvaltnings-/tiltaksplan for verneområdene og andre relevante styringsdokumenter.

8.3 Myndighetsbeslutninger

Styret har myndighet til å treffe vedtak etter verneforskriftene. Styret har også myndighet til å gi dispensasjoner etter naturmangfoldloven § 48, jf. § 77 annet punktum.

8.4 Grensemerking og informasjon

Styret har ansvar for at det gjennomføres nødvendig grensemerking og vedlikehold av merkingen i verneområdene.

Som forvaltningsmyndighet skal styret i besøksstrategien vurdere behovet for særskilte informasjonstiltak. Styret er hovedansvarlig for informasjonstiltak og skal gjennomføre dette i henhold til Miljødirektoratets merkevarestrategi.

8.5 Brudd på naturmangfoldloven/verneforskriftene

Styret har som forvaltningsmyndighet et selvstendig ansvar for å påse at alle brudd på verneforskriftene som styret får kjennskap til blir rapportert/anmeldt til politiet dersom forholdet er straffbart. Kopi av anmeldelse/rapport skal sendes Fylkesmannen og Miljødirektoratet. Der administrative sanksjoner er aktuelt jf naturmangfoldloven kap. IX, skal styret oversende en rapport om forholdet til Fylkesmannen - med kopi til Miljødirektoratet.

8.6 Orientering om vedtak

Fylkesmannen i X og Miljødirektoratet skal ha tilsendt kopi av alle vedtak truffet av nasjonalparkstyret, nasjonalparkforvalteren eller arbeidsutvalget. Rapporter og anmeldelser for brudd på naturmangfoldloven/verneforskriftene skal sendes til Fylkesmannen, Statens naturoppsyn og Miljødirektoratet.

Vedtak truffet av nasjonalparkstyret, forvalteren eller arbeidsutvalget skal fortløpende registreres i Miljøvedtaksregisteret.

8.7 Rapportering om forvaltning

Styret har ansvar for årlig å rapportere om forvaltningen til Miljødirektoratet og Fylkesmannen etter fastsatte maler.

Dersom forutsetningene for delegeringen av forvaltningsmyndighet endres vesentlig, plikter styret å informere Miljødirektoratet.

9. FAGLIG RÅDGIVENDE UTVALG

Styret skal oppnevne et faglig rådgivende utvalg. Utvalget skal bestå av representanter for de ulike interessene i området, som bl.a. grunneiere, andre særlig berørte offentlige organer som for eksempel friluftsråd, næringsliv, frivillige organisasjoner, bl.a. natur- og miljøorganisasjoner og lignende. Nasjonalparkstyret bør ha minst et årlig dialogmøte med faglig rådgivende utvalg.

10. ADMINISTRATIIVT KONTAKTUTVALG

For å sikre at forvaltningen av verneområdene blir godt integrert i den kommunale forvaltningen, bør styret oppnevne et administrativt kontaktutvalg bestående av representanter fra administrativt nivå i de ulike kommunene.

11. TILSYN

Statens naturoppsyn har tilsynsmyndighet i områdene, jf. lov om statlig naturoppsyn.

12.KLAGEADGANG OG KLAGEMYNDIGHET

Fylkesmannen har klagerett på vedtak fattet av nasjonalparkstyret jf. naturmangfoldloven § 62 tredje ledd siste setning. For øvrig gjelder de alminnelige regler om klageadgang.

Miljødirektoratet er klageinstans for vedtak som treffes av styret som forvaltningsmyndighet.

13.INSTRUKSJON, TILBAKEKALLING AV DELEGERT MYNDIGHET

Miljødirektoratet kan gripe inn gjennom instruksjon, eller eventuelt tilbakekalling av delegert myndighet dersom forvaltningen av verneområdene ikke er i samsvar med naturmangfoldloven og verneforskriftene.

14. OMGJØRING AV VEDTEKTENE

Miljødirektoratet kan endre disse vedtektene.

Stillingsbeskrivelse for nasjonalpark-/verneområdeforvalter

Denne stillingsbeskrivelsen gjelder for nasjonalpark-/verneområdeforvaltere i utvalgte verneområder som forvaltes av et statlig politisk sammensatt styre. Sekretariatet for styret legges til en nasjonalpark-/verneområdeforvalter. Denne fagpersonen er ansatt hos fylkesmannen, men er underlagt styret i alle saker som angår forvaltningen av verneområdene. Det er styret som disponerer forvalters arbeidstid/prioriteringer.

Verneområdene skal sikre truet og sårbar natur og artenes leveområder. Forvaltningen av verneområdene skal bidra til at det internasjonale og nasjonale målet om å stanse tapet av biologisk mangfold oppfylles.

Forvalteren skal sammen med styret se til at forvaltningen av verneområdene gjennomføres i samsvar med internasjonale forpliktelser, naturmangfoldloven og verneforskriftene for de enkelte verneområdene. Verneområdene skal forvaltes på vegne av hele nasjonen. Forvalteren skal bidra til at statlige retningslinjer for forvaltning av verneområder, rundskriv med mer blir fulgt. (se eget vedlegg for viktige dokument, rundskriv, Håndbøker, m.m.)

1. Forvalterens rolle

1.1 I forhold til styret

Forvalteren er underlagt styret i forvaltningen av verneområdet/verneområdene. Forvalterens hovedfunksjon er å være sekretariat for nasjonalpark-/verneområdestyret og faglig forberede alle styresaker. Forvalteren skal gjennom sin saksbehandling bidra til at styret forvalter områdene i samsvar med naturmangfoldloven og verneforskriftene.

Sammen med verneområdestyret skal forvalteren sørge for enhetlig og helhetlig forvaltning av verneområdet/verneområdene uavhengig av administrative grenser.

Styret disponerer forvalters arbeidstid. Overtid avtales særskilt med fylkesmannen, eventuelt dekkes med midler som styret selv disponerer.

1.2 I forhold til fylkesmannen

Forvalteren er ansatt hos fylkesmannen med miljøvernavdelingen som faglig og administrativt tilknytningspunkt. Innkjøp av nødvendig kontorutstyr, feltutstyr m.m. skjer over fylkesmannens budsjett innen rammen (prisjustert) som i 2013 ble overført fra kap. 1420 til kap.0525.

Alle skriftlige henvendelser til styret/forvalteren stiles til styret, men sendes til fylkesmannen for journalføring og arkivering. E-poster som må lagres, journalføres i fylkesmannens arkivsystem. Nasjonalparkforvalteren skal ha tilgang til fylkesmannens server og elektroniske journal.

Fylkesmannen utfører ordinære arkivtjenester, herunder mottak og utsending ved innsynsbegjæring. Forvalter vurderer i samråd med styret innsyn i saker som kan unntas offentlighet.

Forvaltningen av verneområdene skal være kunnskapsbasert, jf. naturmangfoldloven § 8. For å sikre en kunnskapsbasert forvaltning skal forvalteren være en del av, og kunne bruke det samlede kompetansemiljøet hos fylkesmannen.

Forvalteren skal ha tett dialog med fylkesmannen når det gjelder årlig rapportering av forvaltningspraksis, herunder brudd på regler og forskrifter.

Forvalteren har kontorsted på forvaltningsknutepunkt bestemt av Miljødirektoratet. Fylkesmannen er ansvarlig for nødvendig leieforhold.

1.3 I forhold til Miljødirektoratet

Forvalteren skal ha faglig tett kontakt med Miljødirektoratet.

Forvalteren skal kunne bruke naturforvaltningskompetansen i Miljødirektoratet.

Direktoratet er overordnet fagorgan for områdevern og trekker opp de faglige rammene for forvaltningen. Direktoratet skal bistå med avklaring på forvaltningsmessige spørsmål og problemstillinger, og er en viktig faglig ressurs bl.a. når det gjelder tolking av lover og forskrifter.

Forvalteren skal ha tett dialog med Miljødirektoratet for å avklare behovet for skjøtselstiltak og tilrettelegging.

Forvalteren skal ha mulighet til å delta på seminarer og fagsamlinger i regi av bl.a. Miljødirektoratet og fylkesmannen.

1.4 I forhold til rådgivende utvalg

Forvalteren skal bidra til at det legges til rette for et godt samarbeid mellom styret og de ulike aktørene i området, for eksempel offentlige organer, grunneiere, næringsliv, frivillige organisasjoner, bl.a. natur- og miljøorganisasjoner og samiske interesser der det er relevant. Dette iverksettes gjennom etablering av et rådgivende utvalg der berørte interesser er representert. I områder med slike utvalg må forvalteren sørge for at det etableres rutiner med minst årlige dialogmøter med styret. Forvalteren er sekretær for utvalget.

1.5 I forhold til kommunen og fylkeskommunen

Forvalteren bør holde seg godt orientert om lokale og regionale planprosesser/prosjekt som kan ha betydning/relevans for forvaltningen av verneområdet og dets tilstøtende areal.

Forvalteren skal sikre at det oppnås god kontakt med og kunnskap om lokalmiljøet. Forvalteren må derfor sørge for å ha god kontakt med de berørte kommunene og fylkeskommunen. Der det opprettes administrativt fag-/kontaktutvalg for å formalisere forvalterens administrative kontakt mot kommunene og fylkeskommunen, skal forvalteren være sekretær for utvalget.

2. Forvalterens oppgaver

2.1 Sekretariat for styret

Forvalteren skal være sekretariat for verneområdestyret og skal kan fremme innstillinger overfor styret om saker som gjelder forvaltning av verneområdet.

2.2 Utarbeiding av forvaltningsplan/bevaringsmål

Forvalteren skal sørge for at arbeidet med forvaltningsplan iverksettes og at framdriften i prosessen følges iht. til gjeldende frister.

Forvalteren skal bidra til at planen utarbeides innenfor rammene av naturmangfoldloven og verneforskriftene og at den konkretiserer hvordan formålet med vernet skal nås. Forvaltningsplanen skal inneholde flerårige tiltaksplaner og en besøksstrategi som skal beskrive behovet for informasjons- og tilretteleggingstiltak.

Best mulig forvaltning oppnås ved å definere og bruke bevaringsmål som er mer konkrete enn det overordnede verneformålet. Forvalteren skal sammen med styret sørge for at det gjennom forvaltningen av verneområdet utvikles og etableres konkrete bevaringsmål. Bevaringsmål skal innarbeides i forvaltningsplaner.

Forvalteren skal bidra til at det legges opp til prosesser med god dialog og medvirkning fra lokale og regionale myndigheter, grunneiere, rettighetshavere og andre brukere av verneområdet i utarbeidelsen av forvaltningsplan/bevaringsmål.

Forvalteren skal sammen med styret ha tett faglig dialog med Miljødirektoratet fra oppstart av arbeidet med forvaltningsplan til godkjenning av planen i direktoratet. Miljødirektoratet har det faglige veiledningsansvaret ved utarbeiding av forvaltningsplaner, informasjonsmateriell m.m..

Direktoratet har ansvaret for å godkjenne forvaltningsplaner.

Forvalteren skal sammen med styret sørge for at planer for eventuell skjøtsel og tilrettelegging inngår i forvaltningsplaner.

2.3 Planlegging og iverksetting av skjøtsel

Forvalteren skal bidra til at det ift. bevaringsmålene (i de områder det er utarbeidet slike) vurderes om det er behov for, eller nødvendig å gjennomføre skjøtsels- eller tilretteleggingstiltak, f. eks. hvis verneverdiene trues, eller det er nødvendig for å opprettholde verneverdiene. Der det er utarbeidet skjøtselsplan eller annen skjøtselspraksis skal den følges.

Forvalteren skal sammen med styret etablere et nært samarbeid med Statens naturoppsyn lokalt. Forvalteren skal i samarbeid med styret utarbeide årlige prioriteringer av skjøtsels- og forvaltningstiltak i verneområdene. Forvalteren skal bistå styret i den årlige bestillingsdialogen mellom styret og Miljødirektoratet/Statens naturoppsyn.

2.4 Grensemerking

Førstegangsmerking utføres av Jordskifteverket på oppdrag fra forvalter. Forvalteren skal sammen med styret videreføre arbeidet med merking og skal om nødvendig iverksette ny grensemerking og vedlikehold av eksisterende merking i verneområdene.

2.5 Behandling av søknader om dispensasjon fra verneforskriften

Forvalteren skal forberede saker for styret. Tilrådinger forvalteren legger fram for styret skal ligge innenfor rammen av naturmangfoldloven og verneforskriftene.

Forvalteren må sørge for at miljørettsprinsippene i naturmangfoldloven §§ 8-12 er vurdert, og at øvrige krav til saksbehandling ved dispensasjoner er fulgt jf. forvaltningsloven, naturmangfoldloven og Miljødirektoratets veileder M106-2014 «Rundskriv om forvaltning av verneforskrifter».

Forvalteren skal på vegne av styret sende kopi av alle vedtak til fylkesmannen, Statens naturoppsyn og Miljødirektoratet.

Ved oversendelsen skal det kommenteres spesielt dersom fattede vedtak vurderes å være i strid med lov og forskrifter gjeldende for det aktuelle verneområdet.

Dersom styrets vedtak ikke er i samsvar med forvalters innstilling til vedtak, skal dette og styrets begrunnelse fremgå av saksfremstillingen.

Forvalteren skal fortløpende registrere vedtak truffet av styret, forvalteren eller arbeidsutvalg i Miljøvedtaksregisteret. Registrering skal skje senest innen tre virkedager etter at partene er varslet om vedtaket, jf. forskrift om Miljøvedtaksregisteret § 3.

2.6 Klagebehandling

Forvalteren behandler innkomne klager i samsvar med bestemmelsene i forvaltningsloven. Dersom vedtaket fra styret opprettholdes i klagebehandlingen, oversendes klagen til Miljødirektoratet for endelig klagebehandling. Forvalteren skal påse at klagesaken og alle saksdokumenter oversendes med det førtse etter at styret har behandlet klagen.

Dersom klagen helt eller delvis blir tatt til følge må forvalteren sørge for at fylkesmann, fylkeskommunen, Statens naturoppsyn, kommunen og andre berørte parter varsles om vedtaket.

2.7 Oppfølging av brudd på verneforskriften

Selv om Statens naturoppsyn eller annen kontrollinstans er etablert som kontrollmyndighet i verneområder har styret et selvstendig ansvar for å påse at alle brudd på reglene i verneforskriften enten blir rapportert/anmeldt til politiet eller blir rapportert til fylkesmannen for eventuelle administrative sanksjoner, jf. Naturmangfoldloven kap. IX.

Forvalteren skal på vegne av styret sørge for at dette gjennomføres, og at det sendes kopi av rapport/anmeldelse til fylkesmannen, lokal kontakt for Statens naturoppsyn og Miljødirektoratet.

2.8 Rapportering om forvaltningen

Forvalteren skal på vegne av styret påse at det blir gjennomført rapportering om forvaltningen til fylkesmannen og Miljødirektoratet etter maler fastsatt av Miljødirektoratet.

Forvalteren skal på vegne av styret sørge for at Miljødirektoratet informeres dersom forutsetningene for delegering av forvaltningsmyndigheten endres vesentlig.

Arkivsaksnr: 2015/1399-2

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 01.03.2015

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	18/2015	09.03.2015

Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Galdhøpiggen 2015 - 2017

Forvaltar si innstilling

Galdhøpiggen v/ Per Olav Tangen får med heimel i § 4 i verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark, jf. naturmangfaldlova § 48, dispensasjon for å arrangere Galdhøpiggen i tråd med etablert opplegg den 11. april i 2015, og for 2016 og 2017. Løypet gjeld med same vilkår som tidlegare år, og det er ein føresetnad at rennet blir avvikla i løpet av ein dag, inklusive opprydding.

- 1. Lokalisering av trase og opplegg skal følgje same opplegg som tidlegare. Endringar i dette kan ikkje gjerast utan varsling og eventuell godkjenning frå forvaltninga. Nasjonalparkforvaltar skal varsles i god tid om tidspunkt for rennet i 2016 og 2017.*
- 2. Deltakarar og publikum skal gjerast kjent med kva del av løypa som går i nasjonalparken.*
- 3. Fysisk merking og sikringsutstyr skal fjernast så raskt som mogleg etter at rennet er avvikla.*
- 4. Motoriserte kjøretøy skal ikkje brukast med mindre dette er nødvendig i samband med skadetransport og eventuell nødvendig forberedelse av slik transport.*
- 5. Transport av merkeutstyr og sikkerhetsnett og anna utstyr skal ikkje skje motorisert innan nasjonalparken.*
- 6. Etter at arrangementet er gjennomført, skal løype og tilskuerplassar sjekkast og eventuell søppel fjernast same dag som rennet blir avvikla.*
- 7. Reklame skal ikkje plasserast i nasjonalparken.*
- 8. Høgtaleranlegget skal ikkje brukast til anna enn ordinær speakerteneste i tilknytning til rennet. Lydnivå skal avgrensast mest mogleg for å unngå støy i nasjonalparkområdet, jf. verneforskrifta § 3, pkt. 7.3.*
- 9. Arrangøren skal innan ein månad etter rennet sende rapport til nasjonalparkforvaltninga, med oversikt på deltakartal og oppsummering av avviklinga.»*

For 2015 blir det i tillegg gjeve løyve til arrangement av NM i randonee. Løypetrase for NM-deltakarane går frå toppen, og medfører ei utviding av løypetraseen i høve til det som gjeld for øvrige deltakarar, jf. pkt 1 i vilkåra over.

Saksopplysninger

Per Olav Tangen har ved e-post 25.02.15 søkt om følgende:

«Det nærmer seg på nytt Galdhøpiggenrennet, som gjennomføres for 28 gang i moderne tid. Det har vært sviktende deltagelse de siste årene, men vi er i år tildelt NM i randonee. Dette håper vi vil få opp deltager tallet igjen. I forbindelse med det søker vi om at vi kan kjøre løypa for NM klassen helt opp til Galdhøpiggen, og ned igjen. Dette vil omfatte ca. 40 løpere, og ca. 10 arrangører for kontroll, og sikkerhet.

Ellers vil rennet gjennomføres på samme måte som tidligere, med tilrettelegging på torsdag-fredag, og konkurransedag på lørdag .»

Siste løyve vart gjeve av Nasjonalparkstyret i møte 19.10.2011 for treårsperioden 2012-14.

Det var sett føresetnad om at rennet skulle avviklast i løpet av ein dag, inklusive opprydning, på desse vilkåra:

«1. Lokalisering av trase og opplegg skal være som tidligere. Endringer i dette kan ikke gjøres uten varsling og eventuell godkjenning av Nasjonalparkstyret/Fylkesmannen. Sekretariatet v/Fylkesmannen skal varsles i god tid vedr. tidspunkt for rennet i 2013 og 2014.

2. Deltakere og publikum skal gjøres kjent med hvilken del av løypa som går i nasjonalparken.

3. Fysisk merking og sikringsutstyr skal fjernes så raskt som mulig etter at rennet er avviklet.

4. Motoriserte kjøretøy skal ikke brukes med mindre dette er nødvendig i forbindelse med skadetransport og eventuell nødvendig forberedelse av slik transport.

5. Transport av merkeutstyr og sikkerhetsnett og annet utstyr skal ikke skje motorisert innenfor nasjonalparken.

6. Etter at arrangementet er gjennomført, skal løype og tilskuerplasser gås over og eventuell søppel fjernes samme dag som rennet avvikles.

7. Reklame skal ikke plasseres i nasjonalparken.

8. Høytaleranlegget blir ikke tillatt brukt til annet enn ordinær speakertjeneste i tilknytning til rennet. Lydnivå skal begrenses mest mulig for å unngå støy i nasjonalparkområdet.

9. Arrangøren skal innen en måned etter avviklet renn sende rapport til Fylkesmannen og blant annet oppgi antall deltakere.»

Rapport for 2014 hadde følgende innhold:

«Årets renn ble arrangert lørdag 06.04.14 forut for rennet hadde en arrangør stab på ca. 35 personer forberedt rennet på torsdag og fredag.

Det innebærer rekognosering av traseen med tanke på snøforhold og sikkerhet. Det ble brukt 22 porter til løypa , og noen sikkerhetsnett . Fredag passerte ca. 2000 rein under flytting til sommerbeite , stor opplevelse for de som var der .

Traseen som ble brukt var den samme som originaltraseen var i 1934, spesielt gode snøforhold gjorde arrangementet enkelt.

Vi gjennomførte informasjonsmøte på fredag kveld med vektlegging på at vi befinner oss i nasjonalpark, og informerte om all form for forsøpling straffes med diskvalifikasjon i rennet.

Hele området i Nasjonalparken var ryddet, og kontrollert innen kl. 16.00 på renndagen.

Antall renndeltagere var i år 170, det har vært en nedadgående tendens de siste to årene på antall deltagere. Konkurransen fra andre arrangement som er over flere dager som Highcamp Turtagrø (700) deltagere, Haute route Jotunheimen ,og Galdhøpiggen randonee kan være medvirkende årsak til det.

Håper på en fortsatt positiv innstilling til dette rennet, som er et av Norges mest tradisjonsrike skirenn med røtter tilbake til 1934.

Årets Galdhøpiggreenn var nr. 27 i rekken i nyere tid, og vi håper å føre dette tradisjonsrike rennet videre.»

Vurdering

Søknaden skal behandlast etter verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark og naturmangfaldlova §§ 8-12. Tidlegare var det eige punkt i verneforskrifta som omhandla arrangement som konkurransar o.l., men revidert forskrift har nå berre punkt kalla organisert ferdsel (5.2). Omgrepet «organisert ferdsel» høver for turrenn og liknande, men verkar ikkje heilt dekkande for NM, konkurransar og ymse arrangement som ikkje er knytt til turrenn og organiserte turar. Forvaltar finn det derfor mest relevant å nytte den generelle heimelen i § 4 og naturmangfaldlova § 48.

Galdhøpiggreennet har lange tradisjonar, heilt frå 1934, og det vart teke opp att som årleg arrangement for 28 år sidan. Arrangementet har funne sin plass gjennom fleire år, og dette tradisjonsrike rennet vert tilrådd vidareført med løyve for ein ny treårsperiode med same vilkår som før.

Nytt i høve til tidlegare år er at arrangøren også er tildelt NM i randonee i 2015, og ønskjer å gjennomføre NM i tilknytning til det tradisjonelle arrangementet. Dette medfører at dei ca 40 deltakarane her ønskjer å starte heilt frå toppen av Galdhøpiggen, medan det tradisjonelle telemarksskirennnet startar lenger ned.

Ein av grunnane for å halde sjølve arrangementet utanom toppen har vore omsyn til andre skiløparar. Med eit så avgrensa antal reknar ein med at Norgesmesterskap i randonee ikkje vil medføre særleg negative konsekvensar. Likevel kan det vera nyttig å hauste erfaringar i år før ein eventuelt opnar for fleire slike renn frå toppen. Løyyet til å kjøre konkurranse frå toppen gjeld for NM-deltakarane, og i første omgang for 2015.

Eit arrangement som går over ein dag, og med god oppfølging frå arrangøren si side, blir ikkje vurdert å vera i strid med verneformålet. Belastning i høve til naturmangfald og friluftsliv er begrensa med den forma arrangementet har.

Galdhøpiggreennet er lagt til eit område som ikkje rører ved særleg sårbare lokaliteter, som t.d. hekkeplassar for rovfugl. Når det gjelder kartlegging av andre artar, er registreringane meir mangelfulle i Jotunheimen, men kunnskapsgrunnlaget er likevel vurdert som tilstrekkelig for å ta avgjerd – jf. vurderingskriteria etter naturmangfaldlovas §§ 8-10 (*kunnskapsgrunnlaget, føre-var-prinsippet, økosystemtilnærming og samla belastning*). Rennet har i alle år vorte gjennomført utan bruk av motorkjørety (utanom evt. behov for redningsteneste, som er direkte heimla i forskrifta), og opprydding etter løpet har skjedd same dag. Arrangøren har også gjennomført informasjonsmøte i forkant av rennet, med orientering om vernereglar for nasjonalparken jf. § 12 (*miljøforsvarlige teknikker og arbeidsmetoder*). § 11 (*kostnader ved miljøforringelse*) blir vurdert som lite relevant i dette tilfellet.

Arkivsaksnr: 2014/6583-2

Saksbehandlar: Magnus Snøtun

Dato: 28.02.2015

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	19/2015	09.03.2015

Sak - Jotunheimen nasjonalpark - Omlegging av sti ved Fannaråkbreen

Forvaltar si innstilling

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen gjev etter verneforskrift for Jotunheimen nasjonalpark §3 pkt. 1.3 e) løyve til å legge om stien opp mot Fannaråkbreen langs ny trase frå Fannaråkbreen. Løyvet er gjeve med følgjande vilkår:

- Den nye stien skal følgje naturlege terreng og i minst mogleg grad krevje tilrettelegging.
- Merking av stein skal følgje reglane i Merkehandboka.

Saksopplysningar

Dokument i saka

- Søknad datert 10.10.2014, frå DNT Oslo og Omegn.
- Framlegg til forvaltningsplan

Søknaden skal handsamast etter

- Verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark av 14. november 2014
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009


Søknaden

«DNT Oslo og Omegn eier og driver Fannaråkhytta i Luster kommune.

Hytta ligger på toppen av Fannaråken, 2063 moh. Adkomsten til hytta er fra Turtagrø, Skogadalsbøen og Sognefjellshytta/Krossbu. Dersom man velger å gå fra Sognefjellet må man gå over Fannaråkbreen og det er tilbud om breføring hver dag i hele sesongen.

I de senereårene har breene i Norge smeltet kraftig ned. Den øverstebratte delen av Fannaråkbreen blir derfor utilgjengelig på sensommerennår vintersnøen har tint og det blir glatt og hardt. Turistene må derfor gå av/på breen lengre ned og deretter gå ca 700—800 meter til møte med ruta Skogadalsbøen- Fannaråkhytta. I godt vær med god sikt er dette ganske greit, men i tåke kan det være vanskelig. Underlaget består av stein, grus og svaberg og det finnes ikke synlig tråkk.

DNT Oslo og Omegn søker derfor om tillatelse til å varde mellom breen og ruta fra Skogadalsbøen. Det er kun snakk om noen store tydelige varder og et skilt i hver ende. Vedlagt finnes kartutsnitt som viser traseen over breen og ønsket omlegging.»



Heimel

Søknaden gjeld dispensasjon til stiltak i samband med omlegging og må handsamast etter verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark og etter naturmangfaldlova §§ 8-12.

Verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark §3 pkt. 1.1: «Området er verna mot inngrep av ein kvar art, medrekna ... opparbeiding og merking av stiar, løyper og liknande.». Men forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til «Oppsetting av skilt, vegvisarpilar, merking av nye stiar og kvisting av nye løyper» (verneforskrifta §3 pkt. 1.3 e).

§ 1 i verneforskrifta til Jotunheimen nasjonalpark:

Formålet med nasjonalparken er å ta vare på eit stort, samanhengande og villmarksprega naturområde i overgangen mellom austlandsk og vestlandsk

fjellnatur som inneheld særprega og representative økosystem og landskap utan tyngre naturinngrep.

Vidare er formålet med vernet å ta vare på:

- *Eit høgfjellsøkosystem med eit eigenarta og variert naturmangfald, medrekna artar, bestandar, naturtypar og geologi*
- *Store alpine fjellmassiv med brear og spisse tindar med dei høgste fjelltoppane i Noreg*
- *Vakre og eigenarta landskap*
- *Fjellvatn og vassdragsnatur*
- *Særprega geologiske førekomstar*
- *Leveområde for villreinen*
- *Kulturminne.*

Ålmenta skal ha høve til uforstyrra naturoppleving gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.

Vurdering

DNT Oslo og Omegn er ansvarleg for det T-merka stinettet i Jotunheimen. DNT Oslo og Omegn er også eigar av fleire av dei store og mindre turisthyttene i Jotunheimen. Dette er ein viktig infrastruktur for friluftslivet i verneområdet.

Dei seinare åra har Fannaråkbreen, saman med andre brear, minka kraftig grunna varmare somrar og mindre snø om vinteren. Forholda ved innstega til breane har dermed endra seg mykje og nokre stadar krev dette større tiltak. Ved innsteget på Fannaråkbreen, når ein kjem frå Fannaråken, er det nå blitt så bratt og utsett, særleg på slutten av sesongen, at DNT ønskjer å varde opp ein ny veg lenger nede som leier rundt til Vinterruta opp frå Keisaren.

Dette er i ytterkant av villreinområdet og her er ikkje trekkruiter i området. Det er heller ikkje kjent andre naturverdiar som er sårbare i nærleiken. Breane er av natur i endring og ved innstega vil det alltid vere utfordrande med endra forhold. Men her er det utsett når ura under snøen kjem fram. Denne har ikkje sett seg og det er ustabilt. I tillegg til farane, er slikt terreng også utsett for slitasje av for stor trafikk (§8 i nml.). Nye stiar kan også gje nye terrengsår dersom det ikkje vert gjort skikkeleg. Merkehandboka, som DNT har vore sentral i å utvikle, skildrar korleis vardar skal byggast slik dei også kan tas ned dersom breen skulle vekse att. Vilkår om bruk av merkehandboka sikrar at vardinga vert reversibel (§9 nml.). Snøforholda endrar seg gjennom sesongen og mange vil framleis gå den vanlege ruta, men på slutten av sesongen vil dette vere det sikre alternativet. Sjølv om denne alternative stien ikkje erstattar anna merka trase, erstattar han tråkk som vil etablere seg når ein ikkje lenger kan gå den vanlege ruta. Den samla stisystemet vert dermed ikkje auka (§10 i nml.). Skikkeleg merking ved start og slutt leiar folk inn på ein felles sti og varding kan reverserast. Dette er den sikraste og mest skånsame måten å gje eit sikkert alternativ på stien til Fannaråken (§12 i nml.). §11 i nml. er ikkje relevant i denne saka.

Arkivsaksnr: 2015/1450-2

Saksbehandlar: Magnus Snøtun

Dato: 28.02.2015

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	20/2015	09.03.2015

Sak - Jotunheimen nasjonalpark - Omlegging av kvista løye mellom Fondsbu og Olavsbu

Forvaltar si innstilling

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen gjev etter verneforskrift for Jotunheimen nasjonalpark §3 pkt. 6.3 k) løyve til motorferdsel i samband med kvisting av ny trase mellom Fondsbu og Olavsbu. Løyvet er gjeve med følgjande vilkår:

- Det vert informert godt om omlegginga både på Olavsbu og Fondsbu og at merkinga er tydeleg slik at brukarane vert leia inn i den nye traseen.
- Det skal ikkje kvistast langs den gamle traseen.
- Vilkår for varsling, gjennomføring og rapportering følgjer løyve til kvisting datert 24.05.2013

Saksopplysningar

Dokument i saka


- Søknad datert 26.02.2015, frå DNT Oslo og Omegn.
- Gjeldande dispensasjon til motorferdsel i samband med kvisting (ST 13/2013, datert 24.05.13)
- Framlegg til forvaltningsplan

Søknaden skal behandlast etter

- Verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark av 14. november 2014
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009

Bakgrunn for søknaden

DNT Oslo og Omegn er ansvarleg for kvisting av mange ruter i Jotunheimen, men lokale gjennomfører sjølve kvistinga. På ruta mellom Fondsbu og Olavsbu meiner kvisterane at det er ein fordel å legge om ruta ved Snøholevatnet slik at ho vert lagt på austsida av Snøholetinden ned mot løyra gjennom Rauddalen. DNT Oslo og Omegn søker nå om å endre denne ruta (sjå kart under).



Heimel

Søknaden gjeld dispensasjon til motorferdsel i samband med kvisting og må handsamast etter verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark og etter naturmangfaldlova §§ 8-12.

Verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark §3 pkt. 6.1: «*Motorferdsel er forbode på land og i vatn...*». Men forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til «*Bruk av beltekøyrety på vinterføre for utføring av sikringstiltak, t.d. merking og kvisting av løyper*» (verneforskrifta §3 pkt. 6.3 k).

§ 1 i verneforskrifta til Jotunheimen nasjonalpark:

Formålet med nasjonalparken er å ta vare på eit stort, samanhengande og villmarksprega naturområde i overgangen mellom austlandsk og vestlandsk fjellnatur som inneheld særprega og representative økosystem og landskap utan tyngre naturinngrep.

Vidare er formålet med vernet å ta vare på:

- Eit høgfjellsøkosystem med eit eigenarta og variert naturmangfald, medrekna artar, bestandar, naturtypar og geologi*
- Store alpine fjellmassiv med brear og spisse tindar med dei høgste fjelltoppane i Noreg*
- Vakre og eigenarta landskap*
- Fjellvatn og vassdragsnatur*
- Særprega geologiske førekomstar*
- Leveområde for villreinen*
- Kulturminne.*

Ålmenta skal ha høve til uforstyrra naturoppleving gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.

Vurdering

I Jotunheimen har det lenge vore kvisting av dei mest brukte vinterrutene mellom turisthyttene i verneområdet. Dette betrar både sikkerheita for turgåarar og er truleg med på å gjere det enklare for folk til å ta seg ein tur i vinterfjellet. Kanalisering av turgåarar er også ein effekt som er positiv for dyre- og fuglelivet som kan vere pressa på denne årstida. Men det er også viktig at kvistinga ikkje vert spreidd over heile verneområdet og at kvistinga følgjer faste trasear som både er godt kjende av brukarane og som er vurdert i forhold til forstyrring av naturverdiane i området.

Kvistane vert sett ut årleg ved hjelp av snøskuter. For å redusere motorferdsla er aktiviteten avgrensa til ettervinteren når det er flest folk i fjellet. Det er vanleg å kviste helga før vinterferien.

Traseen mellom Fondsbu og Olavsbu har tidlegare gått langs Snøholevatnet, men elles følgd sommarruta mellom Fondsbu og Olavsbu. Dette er i tråd med hovudregelen i forvaltningsplanen om at kvista løyper i hovudsak skal følgje sommarrutene. Omlegginga aust for Snøholetinden i staden for vest gjev meir avvik frå hovudregelen i forvaltningsplanen.

Terrenget langs ny trase er mindre krevjande å gå i og tryggare. Det er ikkje kjent særlege naturkvalitetar langs denne traseen som vert påverka. Næraste hekkelokalitet for rovfugl ligg nærare den gamle traseen enn den nye og dermed vil omlegginga truleg vere positivt for denne (§8 i nml.). Den samla mengda av kvista løyper bør ikkje auke og for å hindre forstyrring av rovfugl, må den nye traseen merkast godt, særleg i startfasen (§9 i nml.). Det er også viktig at ikkje begge traseane vert brukt nå slik at den samla motorferdsla i verneområde aukar. Den nye traseen er kortare enn den gamle og dermed vert det samla behovet for motorferdsel redusert (§10 i nml.). Bruk av snøskuter er beste alternativet for kvisting av turløyper (§12 i nml.). §11 i nml. er ikkje relevant for denne saka.

Oppsummering:

Den omsøkte omlegginga av kvistaruta mellom Fondsbu og Olavsbu gjev ein enklare og sikrare trase for brukarane av løypene. Den samla lengda av kvista løyper blir også redusert og dermed også behovet for motorferdsel. Omlegging austover vil også ha mindre påverknad på kjende rovfugllokalitetar i nasjonalparken. Men det er viktig at omlegging av trasear for turgårar, både sommar og vinter, skjer etter overordna planlegging og vurderingar, ikkje einskildvurderingar og tilfeldigheiter.

Arkivsaksnr: 2015/1653-2

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 06.03.2015

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	22/2015	09.03.2015

Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2015 - Bruk av snøskuter/beltebil for å transportere gjester til Memurubu - Memurubu Turisthytte AS

Forvaltar si innstilling

Nasjonalparkstyret viser til vedtak datert 30.03.2011 i nasjonalparkstyret, til sak 6/2013 i Arbeidsutvalet for Jotunheimen og Utladalen nasjonalparkstyre og til tidlegare behandlingar frå da Fylkesmannen i Oppland var forvaltningsstyresmakt.

Vi viser vidare til klageavgjerd ved brev av 03.11.2003 frå Direktoratet for naturforvaltning (nå Miljødirektoratet), der Fylkesmannens vedtak av 24.03.2003 om avslag vart stadfesta. Det blir på nytt søkt om nøyaktig same tiltak som tidlegare år med gjentatte avslag, og styret kan ikkje sjå at situasjonen er endra sidan verneforskrift og forvaltningsplan framleis gjev same føringar som ved tidlegare behandlingar.

Søknad frå Memurubu Turisthytte AS av 05.03.15 om løyve til utvida transport av gjester til Memurubu med snøskuter/beltebil – eventuelt også bruk av traktor for inn-/uttransport av varer og gjester blir avslått med heimel i verneforskrifta § 3 pkt. 6.1. Rammene for transport av faste gjester med snøscooter/beltebil etter isen på Gjende er gjevne i § 3 pkt. 6.3, som opnar for inntil 2 turar i veka.

Grunngjeving: Det er ikkje heimel for å opne for ei generell liberalisering av motorferdsel i nasjonalparken. Dispensasjonsheimelen etter § 4, jf. naturmangfaldlova § 48, blir ikkje vurdert som relevant, da denne er meint for enkeltsituasjonar som ikkje er dekt av spesifiserte unntaksheimlar i forskrifta og som ikkje blir vurdert å vera i strid med verneformålet. Søknaden gjeld eit løyve knytt til eit ønskje om utvida motorferdsel, som vil danne grunnlag for presedens i høve til eventuelle liknande søknader. Tiltaket er ikkje i tråd med gjeldande forvaltningsplan, og fell også utanom dei retningslinjer som er tilrådd i utkast til revidert forvaltningsplan, som vart sendt til godkjenning i 2008. Ei generell utviding av motorferdsla i nasjonalparken ut over dei unntaka som er gjevne gjennom § 3 pkt. 6.3 a)-t) er i strid med verneformålet og såleis utanom det ein kan gje dispensasjon for ved vurdering etter naturmangfaldlova § 48.

Nasjonalparkstyret vil i løpet av våren ta ein samla gjennomgang av heile motorferdselløyvet til Memurubu, for å få oppdatert innhald og tilknytning til dei enkelte punkta i revidert verneforskrift gjeve ved Kgl. res. av 14.11.2015.

Saksopplysningar

Memurubu turisthytte har ved e-post av 05.03.15 sendt følgjande søknad til nasjonalparkforvaltninga:

Søknad om løyve til å bruke snøskuter/beltebil til inntransport av faste gjester.

Vi søker med dette om løyve til å transportere inn gjester til Memurubu Turisthytte as med snøskuter beltebil. Det kan også bli brukt traktor/4 hjuling for inn/uttransport av varer og gjester.

Vi presiserer at Memurubu ligger i et bruksområde av Jotunheimen nasjonalpark og Memurubu har kjørt med beltebil siden 1952 i området, og de kjørte inn gjester, vertskap og proviant til Gjendebu i mange år også.

Vi har kjørt inn gjester i 60 år med beltebil/snøskuter, og hvis vi ikke kan få kjøre inn gjester har vi ikke nok grunnlag til å ha åpent i påskene.»

Søknaden har nær same ordlyd som søknad av 26.02.13, med unntak av at det nå er lagt til firehjuling i tillegg til traktor. Arkivsøk viser at bedrifta har søkt om det same kvart år frå 2003 (dette er så langt attende som ein har tilgang på elektronisk arkiv). Søknaden er avslått kvart år, da tiltaket er i strid med verneforskrift og forvaltningsplan. Til trass for avslag over ein periode på meir enn 10 år er det nå søkt på ny. Det har ikkje skjedd endringar i verneforskrift eller i forvaltningsplan når det gjeld motorferdsel. Avslag har ikkje vorte påklaga etter klagebehandlinga som var i 2003, slik at søkjar tilsynelatande har akseptert vedtaka som har vorte gjort etter dette.

Søknaden vart vurdert slik sist den vart behandla, i AU-sak 6/2013:

«Søknad frå Memurubu Turisthytte AS av 26.02.13 om løyve til å transportere inn gjester til Memurubu med snøskuter/beltebil – eventuelt også bruk av traktor for inn-/uttransport av varer og gjester, blir avslått med heimel i verneforskrifta pkt. 5.1.

Grunngjeving: Det er ikkje heimel for å opne for ei generell liberalisering av motorferdsel i nasjonalparken. Dispensasjonsheimelen etter naturmangfaldlovas § 48 blir ikkje vurdert som relevant, da denne berre er aktuell for enkeltsituasjonar som ikkje blir vurdert å vera i strid med verneformålet. Søknaden gjeld eit løyve knytt til eit ønskje om utvida motorferdsel, som vil danne grunnlag for presedens i høve til eventuelle liknande søknader. Tiltaket er ikkje i tråd med gjeldande forvaltningsplan, og fell også utanom dei retningslinjer som er tilrådd i revidert forvaltningsplan, som framleis ligg til godkjenning i Direktoratet for naturforvaltning.

For eventuelle tilsvarende søknader om same tiltak i komande år kan sekretariatet vise til dette vedtaket og til nasjonalparkstyret sitt vedtak i sak 9/2012, da situasjonen vil vera uendra så lenge det ikkje blir gjort endringar i verneforskrift og forvaltningsplan.»

Vurdering

Søknaden blir vurdert etter:

- Verneforskrift for Jotunheimen nasjonalpark, revidert 14.11.14
- Framlegg til forvaltningsplan for Jotunheimen NP og Utladalen LV (2008)

Revidert verneforskrift har følgjande reglar for motorferdsel:

- § 3 pkt. 6.1 set generelt forbod mot motorferdsel innan nasjonalparken.
- Pkt. 6.3 opnar for at forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til:

«l) Bruk av traktor på traktorvegar for transport av varer og utstyr til drifta av turisthyttene Memurubu og Gjendebu.

m) Transport 2 gonger i veka på vinterføre av gjester som ligg fast, til turisthyttene Memurubu, Gjendebu og Glitterheim i samsvar med forvaltningsplan.»

Framlegg til forvaltningsplan (2008) har desse retningslinene: *«Turisthyttene Gjendebu, Memurubu og Glitterheim har sida vernevedtaket i 1980 hatt dispensasjon om vinteren for transport av faste gjestar 2 gonger i veka, med viesel/snøskuter. Glitterheim har i tillegg 1 tur pr. veke for transport av skuleklasser i vintersesongen. Gjendebu har ikkje brukt sitt løyve dei siste åra. Denne typen transport er på grensa av grunnleggjande prinsipp for nasjonalparkvern og vil derfor ikkje bli utvida.»*

Memurubu har etter gjeldande løyve høve til gjestetransport på vinterføre 2 turar i veka.

Den innkomne søknaden om å få kjøre inn påskegjester frå p-plassen på Gjendeosen og over isen på Gjende til Memurubu ut over denne avgrensinga medfører utvida motorisert transport med viesel/snøscooter/traktor over ca. 8 km i nasjonalparken.

§ 3 pkt. 6.3 m) opnar for 2 turar/veka for transport av gjester på vinterføre, men gjev ikkje heimel for utviding ut over dette. Søknaden frå Memurubu må derfor behandlast etter den generelle dispensasjonsheimelen i § 4, jf. naturmangfaldlova § 48:

§ 4 Generelle dispensasjonsreglar

«Forvaltningsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifta dersom det ikkje strir mot formålet med vernevedtaket og ikkje kan påverka verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsynet til tryggleik eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, jf. naturmangfaldlova § 48.»

Naturmangfaldlova § 48, første ledd, opnar for dispensasjon i særlege høve:

«Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.»

Auka motorferdsel blir vurdert å vera i strid med verneformålet. Opninga for å gje løyve inntil 2 turar i veka var ei særleg tillemping til de spesielle høva turistbedriftene har hatt i Jotunheimen, og det ligg ikkje noko rom for skjønn på antal turar her.

Det er ikkje heimel for å opne for ei generell liberalisering av motorferdsel – ut over den tillempinga som er gjort for å ivareta praksis som var gjeldande på vernetidspunktet. Løyvet til kjøring to faste dagar i tilknytning til påska gjev rom for ein planmessig transport av bagasje/utstyr i tråd med etablert praksis på vernetidspunktet. Motorisert transport etter bedrifta sitt eigendefinerte behov vil vera ei generell liberalisering, som det ikkje er heimel for å innføre.

Samla motorferdselløyve for Memurubu har vorte forlenga fleire gonger, i påvente av ny forskrift og forvaltningsplan. Løyvet bør gjennomgåast før sommarsesongen 2015, for å få lenka innhaldet opp mot den nye nummereringa i revidert verneforskrift av 14.11.14.